



**DEN NORSKE KIRKE**  
Møre bispedømmeråd

# MØTEINNKALLING

Møre bispedømmeråd 2016-2019

Møtedato: 06.05.2019

**DEN NORSKE KIRKE**

Møre bispedømmeråd

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	421	17/00414-113	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
25/19	Møre bispedømmeråd 2016-2019	06.05.2019

[Click here to enter text.](#)

**MØTEINNKALLING****Møre bispedømmeråd 2016-2019**

**Dato:** 06.05.2019 kl. 10:00  
**Stad:** Møre bispedømme  
**Arkivsak:** 17/00414  
**Arkivkode:** 421

Velkommen til bispedømmeråd. Vi møtes til vanlig tid.

Frode er utfordra til å ha opning i kapellet kl. 09.45.

Før lunsj inviterer vi til orientering og samtale med prosjektkonsulent i Enøk-prosjektet. Siste sak på dagsprogrammet er møte med repr. for ungdomsråd og rådgivar ungdom. Møte blir avslutta med pizza.

Framleis har vi utfordringar knytt til elektronisk møteinnkalling og til E-meeting. Vonar likevel at de finn fram utan altfor store utfordringar.

Forfall meldast snarast til Arvid Helle på tlf 41216956, eller på e-post [ah274@kirken.no](mailto:ah274@kirken.no). Vi har til no ikkje registrert forfall

**SAKSLISTE****Godkjenning av innkalling og saksliste**

[25/19](#) Møteinnkalling 06.05.19.

**Godkjenning av protokoll**

[26/19](#) Protokoll 13.03.18

## Saker til behandling

- [28/19](#)            Rekneskap Møre bispedøme 31.03.2019
- [29/19](#)            Samtale om vidareføring av ENØK-prosjekt
- [30/19](#)            Høyring Langtidsplan for Pilegrimsarbeidet i Norge 2019 - 2037
- [31/19](#)            samtale med repr. frå ungdomsråd og rådgivar ungdom

## Orienteringssaker

- [32/19](#)            Høyringssvar om framlegg til endringar i abortlova
- [33/19](#)            Orienteringar 06.05.19.  
- *Unntatt offentlegheit*

## Referatsaker

Molde 26.04.2019

Ann-Kristin Sørvik  
Leiar

Arid Helle  
Møtesekretær

**Fra:** Arvid Helle  
**Sendt:** 26. april 2019 14:38  
**Til:** Ann Kristin Sørvik; Aud Toril Gagnat; Domprosten i Molde ; Frode Rabbevåg; Ingeborg Synøve Midttømme - Biskop (im634@kirken.no); Maren Elgaas Jenssen; Margret Sivertsen Mørk; Olav Myklebust; Olav Rønneberg; Ole Martin Grevstad; Per Eilert Orten; Ragnhild Lakang Nordmark Due; Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad; Therses Kristin Børnes Utgåar  
**Emne:** Innkalling bispedømeråd  
**Vedlegg:** Møteinnkalling 06.05.19.pdf

Hei!

No er innkallinga til bispedømerådet 6. mai ute på E-meetings.

Alt godt!

Arvid

**DEN NORSKE KIRKE**

Møre bispedømeråd

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	421	17/00414-113	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
25/19	Møre bispedømeråd 2016-2019	06.05.2019

[Click here to enter text.](#)

**MØTEINNKALLING****Møre bispedømeråd 2016-2019**

**Dato:** 06.05.2019 kl. 10:00  
**Stad:** Møre bispedøme  
**Arkivsak:** 17/00414  
**Arkivkode:** 421

Velkommen til bispedømeråd. Vi møtes til vanlig tid.

Frode er utfordra til å ha opning i kapellet kl. 09.45.

Før lunsj inviterer vi til orientering og samtale med prosjektkonsulent i Enøk-prosjektet. Siste sak på dagsprogrammet er møte med repr. for ungdomsråd og rådgivar ungdom. Møte blir avslutta med pizza.

Framleis har vi utfordringar knytt til elektronisk møteinnkalling og til E-meeting. Vonar likevel at de finn fram utan altfor store utfordringar.

Forfall meldast snarast til Arvid Helle på tlf 41216956, eller på e-post [ah274@kirken.no](mailto:ah274@kirken.no). Vi har til no ikkje registrert forfall

**SAKSLISTE****Godkjenning av innkalling og saksliste**

[25/19](#) Møteinnkalling 06.05.19.

**Godkjenning av protokoll**

[26/19](#) Protokoll 13.03.18

## Saker til behandling

- [28/19](#)            Rekneskap Møre bispedøme 31.03.2019
- [29/19](#)            Samtale om vidareføring av ENØK-prosjekt
- [30/19](#)            Høyring Langtidsplan for Pilegrimsarbeidet i Norge 2019 - 2037
- [31/19](#)            samtale med repr. frå ungdomsråd og rådgivar ungdom

## Orienteringssaker

- [32/19](#)            Høyringssvar om framlegg til endringar i abortlova
- [33/19](#)            Orienteringar 06.05.19.  
- *Unntatt offentlegheit*

## Referatsaker

Molde 26.04.2019

Ann-Kristin Sørvik  
Leiar

Arid Helle  
Møtesekretær

Filen ble ikke funnet. Den er enten slettet, eller sjekket ut.



# DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømeråd

## MØTEPROTOKOLL

### Møre bispedømeråd 2016-2019

**Dato:** 13.03.2019 kl. 10:00  
**Sted:** Møre bispedøme  
**Arkivsak:** 17/00414

**Tilstede:** Ann Kristin Sørvik, Therese Kristin Børnes Utgård, Olav Christian Rønneberg, Ingeborg Midttømme, Maren Elgsaas Jenssen, Frode Rabbevåg, Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad, Olav Myklebust, Per Eilert Orten, Ole Martin Grevstad.

**Møtende  
varamedlemmer:**

**Forfall:**

**Andre:** Bjørn Olaf Storhaug, Arvid Helle, Åshild Stige

## SAKSLISTE

**Side**

### Godkjenning av innkalling og saksliste

[10/19](#) Møteinnkalling 13.03.19. 2

### Godkjenning av protokoll

[11/19](#) Møteprotokoll 08.02.2019 2

### Saker til behandling

[12/19](#) Rekneskap 2018 3

[13/19](#) Årsrapport 2018 3

[14/19](#) Årsplan 2019 4

[15/19](#) Budsjett 2019 - endeleg vedtak 4

[16/19](#) Fordeling av trusopplæringsmidlar 2019 5

[17/19](#) Budsjett 2019 Tilskot til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja 5

[18/19](#) FORDELING AV OVF-TILSKOT 2019 6



<a href="#">19/19</a>	Justering av soknegrenser i Røvik-Veøy, Kleive og Bolsøy sokn	7
<a href="#">20/19</a>	Søknad om samanslåing av sokneråda i Vanylven, Syvde, Rovde og Åram sokn	7
<a href="#">21/19</a>	Søknad om endring av tenesteområde for diakonstilling	8

### **Orienteringssaker**

<a href="#">22/19</a>	Førebuing til kyrjemøtet 2019	9
<a href="#">23/19</a>	MØRE BISPEDØME - ORIENTERINGSSAKER TIL MØTE 13.03.2019	9

### **Referatsaker**

<a href="#">24/19</a>	Referatsaker	9
-----------------------	--------------	---

13.03.2019

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

---

## **10/19 Møteinnkalling 13.03.19**

### **Møtebehandling**

Sak 13/19 er unnateke offentlighet

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

Godkjent  
[Lagre]

### **Godkjenning av protokoll**

---

## **11/19 Møteprotokoll 08.02.2019**

**Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd godkjenner protokoll frå 08.02.2019

**Møtebehandling**

Ole Martin Grevstad tok del på møtet

**Votering**

Samrøystes

**Vedtak**

Godkjent med dei merknader som blei nemnt under møtehandsaminga  
[Lagre]

**Saker til behandling**

---

**12/19 Rekneskap 2018****Forslag til vedtak**

Rekneskapen for 2018 blir teken til vitande.

**Møtebehandling**

Saksordførar Frode Rabbevåg

**Votering**

Samrøystes

**Vedtak**

Møre bispedømeråd tar rekneskap 2018 til vitande

[Lagre]

---

**13/19 Årsrapport 2018****Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd tar årsrapport 2018 til vitande

**Møtebehandling**

Saksordførar Ole Martin Grevstad

Saka er unntatt offentlighet.

**Votering**

Samrøystes

**Vedtak**

Møre bispedømeråd tar årsrapport 2018 til vitande

[Lagre]

**14/19 Årsplan 2019****Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd vedtar årsplan for 2019. Om det skjer vesentlege endringar ber bispedømerådet om at saka blir lagt fram på nytt.

**Møtebehandling**

Saksordførar Therese Utgård

Møtet sette spørsmålsteikn med omfanget av årsplanen og lurte på om form og omfang på planen er eigna verkemiddel for framtida.

Framlegg til nytt vedtak:

Møre bispedømeråd vedtar årsplan for 2019. Når planen er ferdig utarbeidd, ber bispedømerådet om at saka blir lagt fram på nytt.

**Votering**

Bispedømerådet vedtok samrøystes framlegg til nytt vedtak

**Vedtak**

Møre bispedømeråd vedtar årsplan for 2019. Når planen er ferdig utarbeidd, ber bispedømerådet om at saka blir lagt fram på nytt.

[Lagre]

**15/19 Budsjett 2019 - endeleg vedtak****Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd vedtek framlagde forslag til budsjett.

**Møtebehandling**

Saksordførar Olav Myklebust

**Votering**

Samrøystes

**Vedtak**

Møre bispedømeråd vedtek framlagde forslag til budsjett.

[Lagre]

---

## 16/19 Fordeling av trusopplæringsmidlar 2019

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd vedtek fordelinga av midlar til trusopplæringsarbeidet som framlagt og den prosentvise auka vert fordelt.

### **Møtebehandling**

Saksordførar Rikke Grevstad Kopperstad

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

Møre bispedømeråd vedtek fordelinga av midlar til trusopplæringsarbeidet som framlagt og den prosentvise auka vert fordelt.

[Lagre]

---

## 17/19 Budsjett 2019 Tilskot til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja

### **Forslag til vedtak**

1. Møre bispedømeråd vedtar deling av midlar til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja som framlagt.

1. Møre bispedømeråd vedtar deling av midlar til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja som framlagt.

2. Fellesrådet forvaltar tildelte midlar og har arbeidsgjevaransvar for stillingar med tilskot innafor eit eller fleire sokn i fellesrådsområdet.

### **Møtebehandling**

Saksordførar Olav Rønneberg

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

1. Møre bispedømeråd vedtar deling av midlar til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja som framlagt.

1. Møre bispedømeråd vedtar deling av midlar til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja som framlagt.

2. Fellesrådet forvaltar tildelte midlar og har arbeidsgjevaransvar for stillingar med tilskot innafor eit eller fleire sokn i fellesrådsområdet

[Lagre]

---

## 18/19 FORDELING AV OVF-TILSKOT 2019

### Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar denne disponeringa av OVF-tilskot for 2019

1) Støtte til misjonsrådgivarløn	200 000
2) Øyremerkta driftsmidlar	
a. «Bibel i bokåret» turnestøtte	50 000
b. Feiring av nynorsk salmetrad., samarb. med Nynorsk kompetansesenter	25 000
3) Prosjektstøtte	227 000

Bispedømmerådet ber om at ordninga blir presentert for kyrkjelydar/organisasjonar ved oppslag på heimesida.

Mindreforbruk/meirforbruk skal overførast

### Møtebehandling

Saksordførar Maren Elgsaas Nilssen

### Votering

Samrøystes

### Vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar denne disponeringa av OVF-tilskot for 2019

4) Støtte til misjonsrådgivarløn	200 000
5) Øyremerkta driftsmidlar	
a. «Bibel i bokåret» turnestøtte	50 000
b. Feiring av nynorsk salmetrad., samarb. med Nynorsk kompetansesenter	25 000
6) Prosjektstøtte	227 000

Bispedømmerådet ber om at ordninga blir presentert for kyrkjelydar/organisasjonar ved oppslag på heimesida.

Mindreforbruk/meirforbruk skal overførast

[Lagre]

---

## 19/19 Justering av soknegrenser i Røvik-Veøy, Kleive og Bolsøy sokn

### Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd rår til at Kyrkjerådet godkjenner grenseregulering av sokna Bolsøy, Kleive og Røvik og Veøy som søknaden frå kyrkjevevja i Molde skisserer.

Bispedømmerådet ber om at kyrkjevalet i dei aktuelle sokna blir førebudd og gjennomført som om endringane alt er skjedd.

### Møtebehandling

Saksordførar Per Eilert Orten

Administrasjonen la fram forslag til endring av første setning i forslaget, der ordlyden «rår til at kyrkjerådet godkjenner» blir erstatta med ordet «vedtar».

### Votering

Samrøystes som endringsframlegg frå administrasjonen.

### Vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar grenseregulering av sokna Bolsøy, Kleive og Røvik og Veøy som søknaden frå kyrkjevevja i Molde skisserer.

Bispedømmerådet ber om at kyrkjevalet i dei aktuelle sokna blir førebudd og gjennomført som om endringane alt er skjedd.

[Lagre]

## 20/19 Søknad om samanslåing av sokneråda i Vanylven, Syvde, Rovde og Åram sokn

### Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd rår til at Kyrkjerådet godkjenner ein prøveperiode med samanslåing av sokneråda i Vanylven fellesrådsområde. Om prøveperioden fører fram til at ein vurderer samanslåing av sokna, ber bispedømmerådet om at saka blir grundig utgreidd.

Bispedømmerådet ber om at val til det nye soknerådet skjer ved direkteval og at det blir stilt vallister i kvart sokn på to medlemmer og 3 varamedlemmer.

Bispedømmerådet ber om at kyrkjevalet i fellesrådsområdet blir førebudd og gjennomført som om endringa alt er skjedd.

*eller*

Møre bispedømmeråd rår ikkje til samanslåing av sokneråd i dei fire sokna Vanylven, Åram, Syvde og Rovde.

### Møtebehandling

Saksordførar Olav Myklebust

### Votering

Samrøystes

**Vedtak**

Møre bispedømeråd rår til at Kyrkjerådet godkjenner ein prøveperiode med samanslåing av sokneråda i Vanylven fellesrådsområde. Om prøveperioden fører fram til at ein vurderer samanslåing av sokna, ber bispedømerådet om at saka blir grundig utgreidd.

Bispedømerådet ber om at val til det nye soknerådet skjer ved direkteval og at det blir stilt vallister i kvart sokn på to medlemmer og 3 varamedlemer.

Bispedømerådet ber om at kyrkjevalet i fellesrådsområdet blir førebudd og gjennomført som om endringa alt er skjedd.

[Lagre]

**21/19 Søknad om endring av tenesteområde for diakonstilling****Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd vedtar:

Det er ønskeleg at det skal vere diakoniressursar i alle prosti i Møre bispedøme. Møre bispedømeråd gjer vedtak om at diakonressursen i Stranda, Liabygda, Sunnylvn og Geiranger sokn som gjennom bispedømerådsvedtak i 2013 blei omfordelt til ny diakonstilling i Skodje, Ørskog og Stordal, skal tilbakeførast til nye Storfjorden fellesråd.

Endringa trer ikkje i kraft før etter gjennomført revisjon av tilskot til diakon- og kateketstillingar, seinast når diakon i Ørskog, Skodje og Stordal, Asbjørg Oksavik Sve, sluttar i stillinga.

Møre bispedømeråd føreset at Storfjorden kyrkjelege fellesråd vil gi gode arbeidsoppgåver og sikre ei langsiktig og stabil finansiering for diakonstillinga når stillinga blir overført etter at Sve sluttar i stillinga.

**Møtebehandling**

Saksordførar Olav Rønneberg

**Votering**

Samrøystes

**Vedtak**

Det er ønskeleg at det skal vere diakoniressursar i alle prosti i Møre bispedøme. Møre bispedømeråd gjer vedtak om at diakonressursen i Stranda, Liabygda, Sunnylvn og Geiranger sokn som gjennom bispedømerådsvedtak i 2013 blei omfordelt til ny diakonstilling i Skodje, Ørskog og Stordal, skal tilbakeførast til nye Storfjorden fellesråd.

Endringa trer ikkje i kraft før etter gjennomført revisjon av tilskot til diakon- og kateketstillingar, seinast når diakon i Ørskog, Skodje og Stordal, Asbjørg Oksavik Sve, sluttar i stillinga.

Møre bispedømeråd føreset at Storfjorden kyrkjelege fellesråd vil gi gode arbeidsoppgåver og sikre ei langsiktig og stabil finansiering for diakonstillinga når stillinga blir overført etter at Sve sluttar i stillinga.

[Lagre]

**Orienteringssaker**

<b>Saksnr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
22/19	19/01232-2	Førebuing til kyrjemøtet 2019
23/19	19/01232-1	MØRE BISPEDØME - ORIENTERINGSSAKER TIL MØTE 13.03.2019

**Referatsaker**

<b>Saksnr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
24/19	19/01232-3	Referatsaker



Rekneskap administrasjonen mars 2019	Rekneskap	Budsjett	Avvik
	01-03.19	01-03.19	
Inntekter	-10 505	-61 251	-50 746
Tilskud mv	27 700		-27 700
Lønn og godtgjørelser	3 141 051	3 299 579	158 528
Andre driftskostnader (drift og mindre anskaffelser)	477 297	579 495	102 198
Andre driftskostnader (reise, reklame, forsikring mm)	142 759	238 479	95 720
Sum	-3 778 303	-4 056 302	277 999

Rekneskap presteskapet mars 2019	Rekneskap	Budsjett	Avvik
	01-03.19	01-03.19	
Inntekter	-11 200	-37 500	-26 300
Tilskud mv	5 000		-5 000
Lønn og godtgjørelser	14 430 170	16 225 451	1 795 281
Andre driftskostnader (drift og mindre anskaffelser)	134 548	234 246	99 698
Andre driftskostnader (reise, reklame, forsikring mm)	218 620	173 748	-44 872
Sum	-14 777 139	-16 595 945	1 818 806

# Rekneskap administrasjonen

## Møre bispedømeråd 2019

Driftsrapport	Rekneskap	Budsjett	Avvik
	01-03.19	01-03.19	
30xx - Salgsinntekt avgiftspliktig (varer og tjenester)			2 100
31xx - Salgsinntekt avgiftsfri (varer og tjenester)	-2 100		-1 251
32xx - Salgsinntekt utenfor avgiftsområdet (varer og tjenester)		-1 251	8 405
34xx - Tilskudd fra stat, fylker, kommuner, stiftelse samt gaveinntekter	-8 405		-60 000
3xxx - Andre inntekter	0	-60 000	-50 746
Sum inntekter	-10 505	-61 251	-50 746
46xx - Tilskudd menigheter og fellesråd	27 700		-27 700
Sum tilskudd mv	27 700	0	-27 700
500x - Faste stillinger (inkl. tillegg mm)	2 933 307	2 845 305	-88 002
51xx - Midlertidige stillinger, ekstrahjelp, honorarer mm	7 333		-7 333
52xx - Fordeler i arbeidsforhold		750	750
53xx - Gruppeliv, honorarer og annen oppgavepliktig godtgjørelse	25 805	58 041	32 236
540x - Arbeidsgiveravgift	395 167	409 232	14 065
58xx - Refusjon sykepenger, fødeselspenger mv	-220 663	-24 999	195 664
59xx - Andre personalkostn (gaver, forsikring, tjenestedrakt mm)	104	11 250	11 146
Sum Lønn og godtgjørelser	3 141 053	3 299 579	158 526
60xx - Avskrivninger	27 218	28 749	1 531
63xx - Leie lokaler, strøm, renhold mm	377 878	369 498	-8 380
64xx - Leie maskiner, inventar, datautstyr, transportmidler mv	10 827	17 499	6 672
65xx - Inventar, driftsmateriale, datautstyr, programvare, rekvisita mv		31 251	31 251
66xx - Reparasjon og vedlikehold bygninger og utstyr			0
67xx - Honorar rådgivning, regnskap, revisjon og kjøp div. tjenester	10 030	5 001	-5 029
6790 - Kjøp av andre fremmede tjenester	16 839	18 750	1 911
68xx - Kontorrekvisita, trykksaker, aviser, bøker, annonser mm	5 904	26 247	20 343
68xx - Møter, kurs og seminarer mm	28 376	73 749	45 373
69xx - Telefon, porto mv	224	8 751	8 527
Sum andre driftskostnader (drift og mindre anskaffelser)	477 296	579 495	102 199
71xx - Bilgodtgjørelse, diett, reiser mm	104 983	220 506	115 523
73xx - Reklamekostnad og representasjon	32 289	4 998	-27 291
74xx - Medlemskontingent og gaver	5 487	10 974	5 487
77xx - Annen kostnad		2 001	2 001
Sum andre driftskostnader (reise, reklame, forsikring mm)	142 759	238 479	95 720
8xxx - Finansinntekter/kostnader, overføringer mv			0
Sum Finanskostnader og overføringer	0	0	0
Sum	3 778 303	4 056 302	277 999

# Rekneskap presteskapet

## Møre bispedømeråd 2019

Driftsrapport	Rekneskap		Budsjett	Avvik	%
	01-03.19	01-03.19	01-03.19		
31xx - Salgsinntekt avgiftsfri (varer og tjenester)	-11 200			11 200	
34xx - Tilskudd fra stat, fylker, kommuner, stiftelse samt gaveinntekter	0			0	
3xxx - Andre inntekter			-37 500	-37 500	
Sum inntekter	-11 200		-37 500	-26 300	
500x - Faste stillinger (inkl. tillegg mm)	13 004 774	13 157 045		152 271	
5005 - Diverse tillegg	427 604	493 125		65 521	
51xx - Midlertidige stillinger, ekstrahjelp, honorarer mm	626 213	615 003		-11 210	
53xx - Gruppeliv, honorarer og annen oppgavepliktig godtgjørelse	199 414	285 897		86 483	
540x - Arbeidsgiveravgift	1 719 343	1 846 881		127 538	
58xx - Refusjon sykepenger, fødeselspenger mv	-837 686	-200 001		637 685	
5999 - Refusjon lønnskostnader	0			0	
59xx - Andre personalkostn (gaver, forsikring, tjenestedrakt mm)	-709 491	27 501		736 992	
Sum Lønn og godtgjørelser	14 430 171	16 225 451		1 795 280	89
63xx - Leie lokaler, strøm, renhold mm	2 800	21 252		18 452	
64xx - Leie maskiner, inventar, datautstyr, transportmidler mv	3 642			-3 642	
65xx - Inventar, driftsmateriale, datautstyr, programvare, rekvisita mv			7 500	7 500	
6790 - Kjøp av andre fremmede tjenester	22 816	15 000		-7 816	
6796 - Flytting		37 500		37 500	
6797 - Annen bistand, prostesekretær				0	
68xx - Kontorrekvisita, trykksaker, aviser, bøker, annonser mm	30 070	20 001		-10 069	
68xx - Møter, kurs og seminarer mm	73 534	130 494		56 960	
69xx - Telefon, porto mv	1 686	2 499		813	
Sum andre driftskostnader (drift og mindre anskaffelser)	134 548	234 246		99 698	57
71xx - Bilgodtgjørelse, diett, reiser mm	218 110	519 999		301 889	
73xx - Reklamekostnad og representasjon		2 499		2 499	
74xx - Medlemskontingent og gaver	510			-510	
77xx - Annen kostnad		-348 750		-348 750	
Sum andre driftskostnader (reise, reklame, forsikring mm)	218 620	173 748		-44 872	126
8xxx - Finansinntekter/kostnader, overføringer mv				0	
Sum Finanskostnader og overføringer	0	0		0	
Sum	14 772 139	16 595 945		1 823 806	89

**DEN NORSKE KYRKJA**

Møre Avdeling for personal og administrasjon

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Åshild Stige	121	19/02100-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
26/19	Møre bispedømeråd 2016-2019	06.05.2019

**Rekneskap Møre bispedøme 31.03.2019****Vedlegg:**

Rekneskap administrasjonen 03 2019  
 Rekneskap presteskapet 03 2019  
 Rekneskap Møre bispedøme 31.03.2019

**Saksorientering**

Bispedømerådet får i denne saka rekneskapsrapport for 1. kvartal 2019. Rekneskapstala blir samanlikna med budsjettet for same periode.

**Administrasjonen:**

Lønsutgiftene følgjer budsjettet. Sjukefråvær gir høgare refusjon frå NAV enn budsjettet. Det har ikkje vore sett inn vikar ved sjukdom. Dette er årsaka til mindreforbruket på lønsutgifter på kr 158 000 på administrasjonen.

Det er eit lite mindreforbruk på reiseutgifter og andre driftsutgifter. Det er venta at dette vil jamne seg ut.

Samla er det eit mindreforbruk på kr 278 000 per. 31.03.2019.

**Presteskapet:**

Samla lønsutgifter til presteskapet er kr 1 795 000 lågare enn budsjettet. Delar av dette, kr 711 000 kjem av etterslep i utbetaling av vikargodtgjersle frå 2018.

Det har ikkje vore nytta vikarar tilsvarende innsparing i midlar ved vakansar og sjukdom m.v. Vi vil følgje nøye med på lønsutgiftene og i samarbeid med prostane prøve å sette inn vikarar i tråd med budsjettet.

Inntekter og driftsutgifter følgjer budsjettet.

Totalt er det eit mindreforbruk på om lag kr 1 819 000 på presteskapet ved utgangen av mars.

**Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd tek rekneskapen pr. 31.03.2019 til vitande.

**DEN NORSKE KIRKE**

Møre bispedømeråd

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	551	18/00960-9	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Møre bispedømeråd 2016-2019	06.05.2019

## Samtale om vidareføring av ENØK-prosjekt

**Vedlegg:**

Enøk i Møre - Rapport frå enøk-kartlegginga\_190227.pdf  
 Intervjuguide for kartleggingsintervju om enøk\_v2.docx  
 Aktivitet budsjett 2019.docx

**Saksorientering**

Bispedømerådet har ved fleire høve handsama sak om Enøk-prosjektet, seinast som orienteringssak i desembermøtet og under sak 5/18 i februar.

Prosjektgruppa har no levert rapport frå fase 1 i prosjektet «kartlegging av status for enøk-arbeidet i kyrkjene i Møre.

Rapporten viser at prosjektgruppa har gjort grundig arbeid og rapporten dokumenterer at det er stort behov for å gå vidare med prosjektet for å realisere fleire av prosjektet sine målsetjingar.

For å sikre at prosjektet kan vidareførast treng prosjektet finansiering til vidare drift. Prosjektgruppa vurderer i sin søknad at ein treng kr 70 000 for å vidareføre arbeidet gjennom 2019. Prosjektgruppa har fått tilsegn om ei støtte på kr. 30 000 frå KA og søker at resterande kr. 40 000 blir stilt til disposisjon av bispedømerådet.

Prosjektgruppa består av:

Marit Linberg, leiar (Møre Kyrkjevevjelag/kyrkjeverje i Tingvoll)

Per Fredrik Brun, sekretær (Møre bispedøme)

Harald Ringstad (seniorrådgivar for kyrkjebyggforvaltning i KA)

Max Ingar Mørk (førsteamanuensis i byggfag ved NTNU i Ålesund) er engasjert som prosjektrådgjevar.

Prosjektrådgivar Max Ingar Mørk vil gi ei orientering til bispedømerådet og dele planar for det vidare arbeid i prosjektgruppa.

**Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd rettar takk til prosjektgruppa for innsats og engasjement. Arbeidet som er dokumentert gjennom delrapporten viser at prosjektet verkeleg kan føre til redusert miljøavtrykk frå kyrkjene i Møre.

Møre bispedømeråd støttar søknaden frå prosjektgruppa og ber stiftsdirektøren om å stille midlane til disposisjon innanfor vedtekne budsjetttrammer.

## Møre bispedømme

12. april 2019

### Enøk-prosjektet. Aktivitatar og budsjett 2019.

Til Møre bispedømme

v/fung stiftsdirektør Arvid Helle

Innhenting og bearbeiding av data frå dei einskilde fellesråda er for det meste slutført.

Dialog med fellesråda er gjennomført gjennom mellom anna tre seminar i mars månad.

Det som gjenstår for å tilfredsstillere prosjektplanen samt innkomne initiativ frå fellesråda er følgjande:

- A. Kontakt/dialog mellom prosjektgruppa og nokre av fellesråda om konkrete vurderingar og tiltak
- B. Rapporten «Enøk i kyrkjene i Møre bispedømme blir ferdig produsert i løpet av juni i år.»
- C. Det vil bli gjort ein del innsats innan rettleiing for dei tre pilotprosjekta i bispedømmet (Tingvoll, Brattvåg, Slagnes).
- D. 3 møte i prosjektgruppa 2. halvår 2019.
- E. Presentasjon av prosjektstatus i bispedømmerådet 06.05 og på fellesmøte med prostar og kyrkjevevjerer til hausten.

Der KA v/Harald Ringstad bidrar med innsats her, blir dette dekt økonomisk av KA. Der Max Ingar Mørk (prosjektkonsulent) bidrar med innsats, blir dette i utgangspunktet dekt av NTNU Ålesund, etter delvis refusjon frå Møre bispedømme.

**For 2018** er sum tilskott frå bispedømmet og KA (kr 70 000) gått til å dekke 62 arbeidstimar for Max Ingar Mørk. I tillegg har han registrert 51 timar på prosjektet, som NTNU Ålesund dekker som sin andel i prosjektet.

**For 2019** er det tilsvarande registrert 62 timar (utgjør kr 70 000) til no som vi føreset blir dekt av KA og bispedømmet. Mørk har i tillegg estimert arbeidsinnsats (punkta A til E ovanfor) på prosjektet frå no og ut 2019 tilsvarande minst 50 timar. Dette blir å rekne som NTNU Ålesund sin eigenandel i prosjektet for 2019. Prosjektgruppa meiner vi ut frå dette har fått gjennomført mykje med dei midlane som er stilt til rådvelde frå KA og bispedømmet i perioden 2018 – 2019.

Estimert behov for tilførsel av midlar er sum kr. 70 000 for punkta A til E, som delvis refusjon for arbeidsinnsatsen til Max Ingar Mørk i prosjektet. Her har KA gitt tilsagn om kr 30 000 som blir overført til bispedømmet. **Det gjenstår dermed kr 40 000 som prosjektgruppa med dette vil be bispedømmet dekke i 2019, som sin del av refusjonen.**

Med helsing  
Marit Linberg  
Leiar prosjektgruppa.

## Intervjuguide for kartleggingsintervju om enøk

Kyrkjeverja i ..... fellesråd. Dato for intervju:..... Intervjuar: .....

---

### 1. Formalia

Har vi rett namn, telefon og e-postadresse til kyrkjeverja (jf. adresseliste)?

**Svar:**

---

### 2. Status i høve til «grøn kyrkjelyd»

Er nokre av sokna registrert som grøn kyrkjelyd/grønn menighet?

**Svar:**

---

### 3. Energiregistreringar

Ligg det føre data for energiforbruket i kyrkjene t.d. frå det lokale nettselskapet eller elles? (Kva for type statistikk? Detaljeringsgrad og tidsperiode? På elektronisk eller manuell form?)

**Svar:**

---

### 4. Status for enøk-arbeidet

Er det gjort spesielle vedtak om enøk-arbeidet i fellesrådet (planar, organisering)?

**Svar:**

---

### 5. Gjennomførte tekniske tiltak

Er det gjennomført tekniske enøk-tiltak i nokre av kyrkjene (t.d. montert web-basert anlegg for varmestyring, skifta til LED-lys ute/inne, utført tilleggsisolering/tetting)?

**Svar:**

---

### 6. Straumtariffar

Kva for type straumtariffar er i bruk? Har det vore kontakt med lokalt nettselskap om alternative tariffar (t.d. avrekning etter energiforbruk i staden for effekt) eller andre tiltak som kan redusere energikostnadane? (Dei som ikkje er sikre kan sende inn siste straumfaktura for analyse.)

**Svar:**

---

### 7. Administrative tiltak - driftsrutinar

Er det innført instruksar eller rutinar for brukstilpassa oppvarming av kyrkjene (t.d. for helg, kvardag, årstid og ulike arrangement)? Kven har ansvar for å følge opp rutinare?

**Svar:**

---

### 8. Planar og ønskje

Ligg det føre planar om innføring av nye rutinar for brukstilpassa oppvarming eller for investering i nye tekniske enøk-tiltak? Kva kan eventuelt enøk-prosjektet i Møre bidra med?

**Svar:**

---



## ENØK I KYRKJEBYGG I MØRE

---

### 9. Finansiering

Er det gitt støtte til enøk-tiltak gjennom ENOVA, bankar, forsikringsselskap/KNIF, kommunen eller den statlege rentekompensasjonsordninga? Er det aktuelt å søke slik støtte til nye tiltak, eventuelt i samarbeid med enøk-prosjektet i Møre?

**Svar:**

---

### 10. Lokal enøk-ansvarleg

Kven i din organisasjon kan vere enøk-ansvarleg innan ditt fellestråd (ein eller fleire; tilsette eller frivillige)? Slike ressurspersonar vil vi også invitere som deltakarar i enøk-prosjektet.

**Svar:**

---



# Enøk i kyrkjene i Møre bispedøme

Rapport frå fase 1:

Kartlegging av status for enøk-arbeidet i kyrkjene i Møre

Februar 2019

# Innhald

1	Innleiing .....	3
1.1	Bakgrunn og mål for prosjektet.....	3
1.2	Organisering av prosjektet og mandat for prosjektgruppa.....	3
1.3	Prosjektplan.....	4
1.4	Gjennomføring av fase 1 .....	4
2	Resultat frå intervjuundersøkinga .....	6
2.1	Spørsmål 1: Formalia .....	6
2.2	Spørsmål 2: Status i høve til «Grøn kyrkjelyd».....	6
2.3	Spørsmål 3: Energiregistreringar .....	6
2.4	Spørsmål 4: Status for enøk-arbeidet.....	7
2.5	Spørsmål 5: Gjennomførte tekniske tiltak.....	7
2.6	Spørsmål 6: Straumtariffar .....	8
2.7	Spørsmål 7: Administrative tiltak – driftsrutinar .....	8
2.8	Spørsmål 8: Planar og ønskje .....	8
2.9	Spørsmål 9: Finansiering .....	9
2.10	Spørsmål 10: Lokal enøk-ansvarleg .....	9
2.11	Oppsummering av intervjuundersøkinga .....	10
3	Resultat frå enøk-kartlegginga i kyrkjene.....	12
3.1	Kyrkjene i Møre og datatilfanget i enøk-kartlegginga.....	12
3.2	Kor representative er dei registrerte kyrkjene for kyrkjene i Møre? .....	12
3.3	Oppvarma areal og volum og installert effekt i kyrkjerommet.....	14
3.4	Installert effekt i kyrkjerommet i høve til oppvarma areal og volum .....	17
3.5	Oppvarmingstid om vinteren i høve til installert effekt .....	19
3.6	Kviletemperatur, brukstemperatur og oppvarmingstid.....	21
3.7	Årleg energiforbruk i kyrkjene.....	23
3.8	Energiforbruk i høve til aktivitet.....	27
	Vedlegg 1: Intervjuguide .....	30
	Vedlegg 2: Adresseliste for kyrkjevevjerene i Møre .....	31
	Vedlegg 3: Enøk-intervju – samletabell.....	32
	Vedlegg 4: Skjema for kartlegging av kyrkjene sin bruk, energibruk og inneklima.....	47

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn og mål for prosjektet

*Klimamelding for Den norske kirke* vart vedteke av Kyrkjemøtet i 2015. På bakgrunn av konklusjonane i meldinga gjorde Møre bispedømeråd i møte 16.06.2017 - sak 33/17, vedtak om å etablere eit regionalt prosjekt i Møre med tittelen «Energiokonomisering i kyrkjebygg i Møre bispedøme 2018-2020».

Målet med prosjektet er å redusere klimafotavtrykket for kyrkjene i Møre bispedøme, gjennom kartlegging av status og tilrettelegging av prosessar og rettleiing for endring av drift og for bygningsmessige tiltak.

Hovudlinene for innhaldet i prosjektet vart vedteke av Bispedømerådet i møte 26.02.2018 - sak 5/18. Bispedømerådet bad Stiftsdirektøren om å følge opp vedtaket overfor prosjektgruppa og eventuelt inngå avtale om prosjektleiar innanfor ramma av godkjent budsjett.

## 1.2 Organisering av prosjektet og mandat for prosjektgruppa

I løpet av våren 2018 blei den nærare organiseringa av prosjektet avklart gjennom møte mellom Stiftsdirektøren og representantar for Møre bispedøme, Møre kyrkjevjerlag, KA og NTNU i Ålesund.

### 1.2.1 Styringsgruppa

Prosjektet blir leia av ei styringsgruppe med 4 medlemmer, halvparten utpeika av Møre bispedømeråd og den andre halvparten av styret i Møre Kyrkjevjerlag. Leiar for styringsgruppa er Ann-Kristin Sørvik.

Styringsgruppa sitt mandat: Overordna fagleg og økonomisk ansvar for prosjektet, inklusive framdrift, rapportering og informasjon.

### 1.2.2 Prosjektgruppa

Prosjektgruppa består av:

Marit Linberg, leiar (Møre Kyrkjevjerlag/kyrkjeverje i Tingvoll)

Per Fredrik Brun, sekretær (Møre bispedøme)

Harald Ringstad (seniorrådgivar for kyrkjebyggforvaltning i KA)

Max Ingar Mørk (førsteamanuensis i byggfag ved NTNU i Ålesund) er engasjert som prosjektrådgjevar.

Prosjektgruppa sitt mandat: Ansvarleg for å drive prosjektet. Dette gjeld økonomi og strategiske val i prosjektperioden. Prosjektgruppa rapporterer til styringsgruppa.

Rådgivar ved bispedømekontoret Tore Johan Øvstebø var med i gruppa fram til han gjekk ut i permisjon ved årsskiftet 2017/2018. Deretter har avdelingsleiar for kyrkjeliv, Arvid Helle, vore prosjektet sin kontaktperson på bispedømekontoret.

### 1.3 Prosjektplan

I saksutgreiinga til bispedømerådet (sak 5/18) vart det skissert ein prosjektplan i tre fasar, som prosjektgruppa har teke utgangspunkt i. Justert for den faktiske framdrifta og erfaringar undervegs, arbeider prosjektgruppa no etter følgjande plan (sjå også figur 1):

- Fase 1: Gjennomføre ei kartlegging av staus for enøk-arbeidet i Møre og ut frå dette velje ut eit knippe av fellesråd med særleg interesse for enøk-arbeidet og/eller aktuelle problemstillingar/prosjekt. Utvikle ein informasjonsstrategi for prosjektet.
- Fase 2: Nytte dei problemstillingane fellesråda har som basis for rettleiing om aktuelle strategiar, tiltak, tilskotsordningar og aktørar som kan bidra til tiltak for kvart bygg. Utvikle ei felles ressurside på Kirkebakken. Gjennomføre arbeidsverkstader med kyrkjevevjerjer og lokale ressurspersonar for å utvikle gode driftsrutinar for brukstilpassa oppvarming/energibruk.
- Fase 3: Følgje opp aktuelle fellesråd med dialog og assistanse/rettleiing. Følgje opp utvalde enøk-tiltak (pilotprosjekt) økonomisk og med rådgjeving.

Enøk i Møre Prosjekt- og framdriftsplan	2017	2018				2019			
	4. kv.	1. kv.	2. kv.	3. kv.	4. kv.	1. kv.	2. kv.	3. kv.	4. kv.
<u>Fase 1:</u> Kartlegge enøk-status Velje aktuelle fellesråd Utvikle info-strategi									
<u>Fase 2:</u> Ressurside Kirkebakken Arbeidsverkstader Søke om prosjektmidlar									
<u>Fase 3:</u> Utgreie pilotprosjekt Prosjektrådgjeving									

Figur 1 Prosjekt- og framdriftsplan for Enøk i kyrkjene i Møre

### 1.4 Gjennomføring av fase 1

Tore Johan Øvstebø utarbeidde hausten 2017 ei Questback-undersøking for å kartlegge status for enøk-arbeidet i Møre. Spørjeundersøkinga vart sendt elektronisk til dei 32 fellesråda i bispedømet. Diverre var det berre 7 fellesråd som svarte på undersøkinga, men desse svara gav likevel verdifulle innspel om typiske problemområde, aktuelle tiltak mv. som har vore til nytte i det vidare arbeidet.

Prosjektgruppa kom fram til at ei komplett kartlegging av status for enøk-arbeidet i Møre best kunne gjennomførast ved at gruppa sjølv tok kontakt og intervjuja kyrkjevevjerjene eller andre representantar for fellesråda på telefon.

Med utgangspunkt i Questback-undersøkinga utarbeidde prosjektgruppa ein intervjuguide med 10 kartleggingsspørsmål (sjå vedlegg 1). Gruppa delte fellesråda mellom seg slik:

Marit Linberg: Ytre Nordmøre prosti og Indre Nordmøre prosti

Per Fredrik Brun: Domkirken prosti og Indre Romsdal prosti

Max Ingar Mørk: Nordre Sunnmøre prosti, Austre Sunnmøre prosti og Søre Sunnmøre prosti.

Intervjua vart gjennomført i andre halvdel av august og byrjinga av september 2018 (veke 33-36). På førehand vart det sendt ut informasjon om prosjektet til alle fellesråd. Representanten for prosjektgruppa tok så kontakt med den einskilde kyrkjevevja for å avtale tid for intervjuet. Avtalen vart stadfesta med ein e-post der intervjuguiden var vedlagt. Intervjuet vart så gjennomført etter avtalen. Etter dette sende representanten for prosjektgruppa ut eit kartleggingsskjema som kyrkjevevja vart beden om å fylle ut (vedlegg 4). Det skulle fyllast ut eitt skjema for kvar kyrkje, med meir kvantitative opplysningar om kyrkja sin storleik, bruk, energibruk mm.

Etter telefonintervjuet sende gruppa ut eit kartleggingsskjema som kyrkjevevjene vart bedne om å fylle ut. Det skulle fyllast ut eitt skjema for kvar kyrkje med meir detaljerte opplysningar om kyrkja sin storleik, bruk, energibruk mm. Det gjekk greitt å få inn skjema for om lag 1/3 av kyrkjene, men deretter gjekk det tregare. Etter fleire rundar med purring var det primo november kome inn svar frå 22 av bispedømet sine 32 fellesråd, med utfylte skjema for 82 av bispedømet sine 114 fellesrådsforvalta kyrkjer. Nokre av skjemaa vart seinare supplert med opplysningar frå kyrkjevevjene, mottekne rapportar eller Kyrkjebyggdatabasen til KA.

Intervjuundersøkinga er summert opp i kapittel 2, med underliggende skjema og tabellar i vedlegg 2 og 3.

Enøk-registreringane for kvar kyrkje er summert opp i kapittel 3, med underliggende skjema og tabellar i vedlegg 4 og 5.

## 2 Resultat frå intervjuundersøkinga

### 2.1 Spørsmål 1: Formalia

Intervjuet starta med å oppdatere kontaktinformasjonen om kyrkjevevjerene og eventuelt andre lokale kontaktpersonar som var relevante for undersøkinga.

Oppdatert liste over namn, telefonnummer og e-postadresser pr. september 2018 er gitt i vedlegg 2.

### 2.2 Spørsmål 2: Status i høve til «Grøn kyrkjelyd»

«Grøn kyrkje» er ein del av kyrkja sitt miljøengasjement. Ordninga «Vår grønne kyrkjelyd» har eksistert i mange år, og blei revidert i 2014. Både sokn, fellesråd og kyrkjelege institusjonar kan vere med. Eit viktig mål er å redusere klimagassutsleppa frå kyrkjeleg verksemd, og tiltaket er såleis relevant også i enøk-samanheng.

«Grøn kyrkje» si heimeside <https://kirken.no/nb-NO/gronkirke/> oppgir at 15 sokn, ein barnehage og ein dyreklubb er innmelde som «grøn kyrkjelyd» i Møre.

Kyrkjevevjerene melder også om at 15 av bispedømet sine 97 sokn (15 %) er «grønne kyrkjelydar», men berre 11 av dei er samanfallande med Grøn kyrkje si liste. Fire av sokna på Grøn kyrkje si liste er ukjende for kyrkjevevjerene, medan dei på si side rapporterer om fire sokn som ikkje er registrert hos Grøn kyrkje. I fleire tilfelle melder kyrkjevevjerene om minkande aktivitet eller merksemd om saka, særleg i sokn som har vore med lenge.

På den andre sida vert det meldt om at fleire sokn har diskutert eller gjennomført miljøtiltak lokalt, m.a. som ein del av diakonitenesta, utan at dette er formalisert gjennom innmelding i «Grøn kyrkjelyd».

### 2.3 Spørsmål 3: Energiregistreringar

Undersøkinga viser at fellesråda har svært ulike løysingar for el-forsyning.

Forsyningsnettet er eigd av lokale nettleverandørar som har konsesjon (einerett) i sine område, medan straumen kan kjøpast frå ulike leverandørar – lokalt eller nasjonalt.

På forsyningsida brukar dei fleste fellesråda den lokale straumleverandøren (t.d. Svorka kraft, Sandøy energi, Istad kraft, Tafjord kraft, Tussa kraft).

Kommunar som Nesset og Rauma har rimeleg konsesjonskraft, som også kjem fellesråda til gode.

Stadig fleire fellesråd har gått over til meir landsdekkande leverandørar som Fjordkraft og LOS Energi. Som regel brukar dei då kommunen sine avtalar, som i mange tilfelle er forhandla fram gjennom eit regionalt, kommunalt innkjøpsfellesskap. Nokre brukar også KNIF sin innkjøpsavtale med Fjordkraft. Dei som brukar desse avtalane meiner prisen er konkurransedyktig, og at det er lite å hente på å skifte leverandør.

Dei fleste kyrkjene har i løpet av 2018 fått installert nye automatiske strømmålarar som gjer det mogeleg for fellesrådet å hente ut forbruksstatistikk direkte frå nettleverandør. Likevel er det svært varierende i kva grad kyrkjevevjerene følgjer opp energibruken. Fleire seier at dei berre sjekkar fakturaen, men utan å følgje opp utviklinga i forbruket. Nokre manglar heilt rutinar for

energioppfølging, og i eit par tilfelle blir rekningane betalt direkte av kommunen utan at kyrkjeverja ser dei.

Mange oppgir likevel at dei har merksemd på energibruken, men berre eit fåtall seier at dei aktivt følgjer opp forbruket og fører fortløpande statistikk (t.d. Rindal, Surnadal, Gjemnes, Storfjorden).

Til informasjon har KA planar om å få alle målarar i el-hub-prosjektet inn i kyrkjebygg-databasen i første halvår 2019. Dette vil verte eit viktig verktøy for å følgje opp energibruken i kyrkjene.

## 2.4 Spørsmål 4: Status for enøk-arbeidet

Dei fleste fellesråda oppgir at dei ikkje har spesielle vedtak om eller planar for enøk-arbeidet.

Ingen har eigne vedtak eller planar for administrative enøk-tiltak.

Tekniske enøk-tiltak inngår gjerne i dei ordinære vedlikehaldsplanane eller blir utført i samband med andre vedlikehaldstiltak.

Mange kyrkjeverjer opplyser likevel at dei jobbar aktivt både med administrative og tekniske tiltak som kan redusere energibruken. Dei er også positive til eit samarbeid gjennom enøk-prosjektet i Møre.

## 2.5 Spørsmål 5: Gjennomførte tekniske tiltak

Så godt som alle fellesråda har i løpet av dei seinaste åra gjennomført tiltak som bidreg til redusert energibruk. Dei tre mest vanlege tiltaka er:

- Installering av SD-anlegg
- Overgang til LED-lys
- Installering av varmepumper

Fleire ulike system for sentral drift/driftsovervaking (SD) er i bruk, så som Defa («ring hytta varm»), EM Systemer, Jeff/EFLEX og Smart kirkebyggstyring (via KA-avtale). Nokre eldre anlegg er modembasert eller må programmerast på staden, medan nyare anlegg gjerne er kalenderstyrt og sjølvlærande. Fleire av systema har problem med å oppnå god varmestyring, og somme av kyrkjeverjene meiner energi-gevinsten er mindre enn berekna. Det kan t.d. skuldast for liten installert effekt slik at varmen må stå lenge på før naudsynt temperatur vert oppnådd, eller at tidlegare manuell varmestyring var meir optimal enn antatt.

Dei fleste som har installert nyare system synest likevel å vere rimeleg nøgde med resultatet. I eitt tilfelle (Stranda kyrkje) vert det meldt om ei nærare halvering av forbruket.

I svært mange kyrkjer har det vore – eller vert det gradvis – skifta til LED-lys, både innandørs og som utandørs flaumlis. Som oftast vert gamal armatur nytta vidare, men i nokre tilfelle må armaturen skiftast. Nokre stader der LED er ueigna, har ein skifta til halogenpærer i dei gamle armaturane. Utskifting til LED krev som regel at eldre dimmarar må skiftast ut.

Når det gjeld oppvarming har stadig fleire kyrkjebygg fått installert varmepumpe(r). I mange tilfelle vert dei brukt i kombinasjon med eldre røyromnar. Varmepumpene har som regel nok kapasitet til å halde kviletemperatur i kyrkja heile året, samt brukstemperatur det meste av året. Slik bidreg dei også til å kutte effekttoppane og skape eit betre bevaringsmiljø for interiør og inventar. På den kaldaste årstida kan røyromnane ved behov bli koplå inn for å ta topplasta.



Det vert også meldt om andre gjennomførte enøk-tiltak som tilleggsisolering av loft, etterisolering og setting av fasadar, reparasjon av vindauge, innsetting av doble glas og utskifting av gamle røyromnar med benkevarmarar.

Fleire av kyrkjene er så lite i bruk at det er vanskeleg å få enøk-tiltak til å løne seg.

## 2.6 Spørsmål 6: Straumtariffar

Det er gjennomgåande lite merksemd om straumtariffar i fellesråda. Nokre få har teke opp spørsmålet med nettleverandøren (t.d. Storfjorden og Molde), men utan resultat så langt.

Dei fleste kyrkjene har ein effektbasert tariff, dvs. at ein både betalar for høgste effektuttak innan ein periode (gjerne pr. mnd.) og energiforbruket. Nokre mindre kyrkjer, helst med lite bruk, har ein næringsbygg-tariff utan effektledd.

Både storleiken på inntakssikringane og samla energiforbruk over året er avgjerande for om ei kyrkje skal ha effekt-tariff. Grensene kan variere mellom nettselskapa, men typiske verdiar er 100-160 Ampere på inntakssikringane og 100 000 kWh i årsforbruk.

## 2.7 Spørsmål 7: Administrative tiltak – driftsrutinar

Det innsamla materialet avdekkjer ein flora av variantar når det gjeld driftsrutinar for varmestyring:

- Skriftlege instruksar frå kyrkjeverje til kyrkjetenar eller sokneråd
- Munnlege instruksar frå kyrkjeverje til kyrkjetenar
- Innarbeidde rutinar som kyrkjetenar følgjer opp
- Rutinar som kyrkjetenar sjølv lagar seg ut frå erfaring og praksis
- Ingen faste rutinar; kyrkjetenar og brukarar styrer fritt

Det kan vere ønskeleg at KA utarbeider malar for brukstilpassa varmestyring, anten som arbeidsinstruksar eller retningsliner for kyrkjetenarar og anna driftspersonell.

Eit spesielt problem er knytt til orgel og inneklima. Her er det mange og til dels motstridande meiningar. Her bør KA kunne bidra med faktabasert kunnskap, både knytt til rutinar for dagleg drift og som rettleiing ved anskaffing av nye orgel.

## 2.8 Spørsmål 8: Planar og ønskje

Under dette punktet kom det fram mange ønskje om hjelp til gjennomføring av både administrative og tekniske tiltak.

Dei administrative tiltaka handlar i stor grad om å få på plass gode driftsrutinar og brukstilpassa varmestyring. Dette vil prosjektgruppa følgje opp m.a. ved å invitere til regionale arbeidsverkstader med kyrkjeverjer, kyrkjetenarar og anna driftspersonell.

Dei tekniske tiltaka er av meir varierende art, men gjennomgåande er det spørsmål om hjelp til utgreiing av løysingar, prosjektering og prosjektoppfølgjing. Prosjektgruppa har særleg merka seg følgjande tiltak som fellesråda ønskjer hjelp til å gjennomføre:

- Aure kf ønskjer å bytte ut benkevarmarar med alternativ oppvarming
- Averøy kf ønskjer å skifte ut varmeovnar og innføre web-styring i to kyrkjer
- Kristiansund kf ønskjer web-styring samt utgreiing om solceller på nytt tak i Kirkelandet kirke

- Rindal kf og Stangvik og Surnadal kf treng bistand til dokumentasjon/sluttrapport for nye styringsanlegg, for å få ut tilskott frå Enova
- Tingvoll kf vil ha gjennomgang av oppvarming og styring i begge kyrkjene. Tingvoll kyrkje har behov for bistand til utgreiing og prosjektering av nytt varmesystem.
- Giske kf vil utgreie betre løysing for tilknytning av varmepumpe i Valderøy kyrkje
- Haram kf vil installere varmestyring i Brattvåg kyrkje
- Ålesund kf ønskjer å få alle kyrkjene inn på SD-anlegg. Fleire store, kompliserte bygg.
- Sykkylven kf vurderer varmepumper og effektvaktar i Sykkylven kyrkje
- Hareid kf har ferdig forprosjekt og vil gå vidare med nytt varmesystem i Hareid kyrkje
- Ulstein kf vil prøve ut varmegardin ved inngangen til våpenhuset
- Vanylven kf treng hjelp til å utgreie nytt varmeanlegg i Slagnes kyrkje
- Volda kf har eldre styringsystem som dei vil skifte ut med nye anlegg

Enøk-prosjektet i Møre ønskjer å bistå flest mogeleg av fellesråda, både økonomisk og med aktiv rådgjeving. Kor langt ein kjem vil likevel avhenge av fellesråda sin eigen prioritering, kor store midlar som kan skaffast til vege eksternt og internt og tilgjengeleg rådgjevingsskapasitet.

På grunnlag av intervjuundersøkinga og prosjektgruppa sin kjennskap til dei ulike prosjekta, samt potensialet for å vere «pilotprosjekt», har gruppa i første omgang vald ut desse prosjekta:

- Idékonkurranse for nytt varmesystem i Tingvoll kyrkje
- Varmestyring i Brattvåg kyrkje
- Nytt varmesystem i Slagnes kyrkje

Gruppa ønskjer dessutan å følgje opp dei gode erfaringane med varmestyring i Stranda kyrkje.

## 2.9 Spørsmål 9: Finansiering

Fellesråda har i liten grad søkt om eller fått tilbod om ekstern finansiering utanom det kommunale budsjettet. Eit unntak er den statlege rentekompensasjonsordninga for kyrkjer, som mange har nytta seg av.

Fleire fellesråd har vore i kontakt med ENOVA om tilskott til enøk-tiltak. Berre tre fellesråd (Rindal kf, Stangvik og Surnadal kf og Molde kf) har fått innvilga midlar frå ENOVA. Rindal kf og Stangvik og Surnadal kf har dessutan fått tilskot frå forsikringsselskap.

Nokre har også hatt nytte av tilskotet som låg i KA sin avtale om SD-anlegg frå Hoist. Dette programmet er nå avslutta.

Prosjektgruppa vil i det vidare arbeidet kontakte ulike kraftprodusentar, nettselskap og forsikringsselskap for å søke om tilskot til finansiering av forprosjekt for eit utval pilotprosjekt i Møre.

## 2.10 Spørsmål 10: Lokal enøk-ansvarleg

Når det gjeld aktuelle personar som kan vere lokale enøk-ansvarlege, peikar kyrkjevevjene i stor grad på seg sjølv, og i nokon grad på kyrkjetenarane. Mange kyrkjetenarstillingar er små deltidstillingar som ikkje er aktuelle for ein slik funksjon, og dei større stillingane er ofte så hardt belasta at kyrkjevevjene er varsame med å legge til nye oppgåver.

Dei fleste kyrkjevevjene er likevel positive til å gjennomføre arbeidsverkstader og opplæringstiltak i enøk-arbeid, både for sin eigen del og for somme av kyrkjetenarane. Prosjektgruppa vil arbeide for å

gjennomføre fire regionale samlingar i løpet av 2018, for høvesvis Nordmøre, Romsdal, Nordre/Austre Sunnmøre og Søre Sunnmøre.

## 2.11 Oppsummering av intervjuundersøkinga

### 2.11.1 Prosjektgruppa si eigenevaluering av intervjuundersøkinga

Prosjektgruppa er svært nøgd med å ha gjennomført ei undersøking som omfattar alle fellesråda i bispedømet. Sjølv om arbeidsmetoden var relativt energi- og tidkrevjande, vurderer intervjugruppa likevel innsatsen som nyttig. Alle kyrkjevevjerene var positive til å delta, og den personlege kontakten sikra gode og konsistente data. Ein fekk på den måten førstehandsinformasjon om status for enøk-arbeidet og høve til å drøfte konkrete problemstillingar knytt til det vidare prosjektet.

Eit par problemområde eller ønske var gjennomgåande:

- Mange meiner det er behov for å auke kompetansen hos kyrkjetenarane
- Svært mange ønsker hjelp til å gjennomføre konkrete enøk-tiltak.

### 2.11.2 Kort oppsummering og vurdering av enøk-arbeidet i Møre

Prosjektgruppa sit att med følgjande hovudinntrykk og førebelse vurdering av enøk-arbeidet i Møre, basert på dei 10 spørsmåla:

1. Formalia: Det var uventa mange endringar i kontaktlista. Lista er oppdatert og vedlagt rapporten (vedlegg 1).
2. Status for «Grøn kyrkjelyd»: Berre 15 % av sokna er med i ordninga, og aktiviteten er i mange tilfelle minkande, særleg i sokn som har vore med lenge. Prosjektgruppa melder dette vidare som ei mogeleg sak for bispedømerådet.
3. Energiregistreringar: Gjennomgåande lite kunnskap om energiforbruk og forbruksutvikling. Sjølv om dei fleste kan ta ut data frå lokal straumleverandør, er det få som følgjer opp forbruket regelmessig. Nye målarar tilknytt el-hub og med direkte rapportering til KA sin kyrkjebyggdatabse frå 2019 kan gi betre datagrunnlag og større merksemd om dette.
4. Status for enøk-arbeidet: Nesten ingen fellesråd har konkrete vedtak eller planar for enøk-arbeidet, men mange arbeider med spørsmåla administrativt eller gjennom budsjett og vedlikehaldsplanar.
5. Gjennomførte tekniske tiltak: Dei fleste fellesråda har gjennomført ulike enøk-tiltak, men det er stor variasjon både i ambisjonsnivå og tekniske løysingar. Dei seinare åra har det vore særleg merksemd på installasjon av SD-anlegg, overgang til LED-lys og installasjon av varmpumper i kyrkjene.

Gjennom Kirkekontroll 2017/2018 har KA ein komplett oversikt over alle typar styringssystem i kyrkjene. Stranda kyrkje kan vere eit case å legge vekt på i det vidare arbeidet.

Prosjektgruppa ser vidare behov for å skaffe fram faktainformasjon om oppvarmingsrutinar og teknologi knytt til inn klima og godt bevaringsmiljø for orgel og kyrkjekunst.

6. Straumtariffar: Årleg straumforbruk og storleik på inntakssikringar avgjør om kyrkja har effekt- eller energiavrekning. Kwart nettselskap har sine egne tariffar. NVE innfører nye reglar frå 2020. Gruppa v/Harald lagar ei oversikt over tariffane til nettselskapa i Møre.

7. Driftsrutinar: Dei fleste fellesråda manglar skriftlege driftsrutinar for varmestyring. Mange etterlyser rettleiing og malar frå sentralt hald. KA kan utarbeide mal for driftsrutinar/ varmestyring.
8. Planar og ønskje: Svært mange fellesråd ønskjer hjelp til utgreiing av tekniske anlegg, både til alternativsvurdering, forprosjekt og prosjektgjennomføring. Prosjektgruppa vil i første omgang sjå nærare på tre mogelege pilotprosjekt: (1) Tingvoll kyrkje: Parallelloppdrag og Idékonkurransse der ein spelar inn fleire fagrådgivarar (tilsvarande som for Nidarosdomen), (2) Brattvåg kyrkje: Varmestyring og (3) Slagnes kyrkje: Nytt varmeanlegg.  
  
Gruppa vil også gjerne teste ut solceller på kyrkjetak, eventuelt på nærliggande kyrkjelydshus. Dette er enklast å få til på kyrkjer utan vernestatus. Prosjektgruppa har merka seg eit konkret ønskje om utgreiing for Kirkelandet kirke i Kristiansund (listeført).
9. Ekstern finansiering: Fellesråda i Møre har i svært liten grad søkt om eller fått tilskott frå eksterne kjelder som Enova, kraftselskap eller forsikringsselskap. Prosjektgruppa vil ta initiativ til å søke aktuelle kraftselskap og forsikringsselskap om midlar til utgreiing av pilotprosjekt.
10. Lokal enøk-ansvarleg: Kyrkjevevjerne peiker i dei fleste tilfella på seg sjølv som næraste enøk-ansvarlege. Prosjektgruppa meiner det er viktig at også kyrkjetenarane blir motiverte og får ansvar for det daglege enøk-arbeidet. Gruppa tek sikte på å arrangere fagsamlingar og arbeidsverkstader for kyrkjevevjer og kyrkjetenarar, eventuelt også for heile stabar (inkl. prestar og organistar).

## 3 Resultat frå enøk-kartlegginga i kyrkjene

### 3.1 Kyrkjene i Møre og datatilfanget i enøk-kartlegginga

I Møre bispedøme er det pr. 1.1.2019 registrert 118 kyrkjer som fell inn under kyrkelovas § 17:

*Med kirke menes (...) soknekirke eller kapell som er godkjent av Kongen eller departementet, eller som er kirke fra gammelt av.*

Av dei 118 kyrkjene er 114 eigd av sokna og blir forvalta av dei kyrkjelege fellesråda i kommunane (sokneråda i eittsoknskommunar). Dei fire siste er freda kulturminne utan innlagt straum eller varme: Kvernes stavkirke i Averøy, Rødven stavkirke i Rauma og Rosekyrkja i Stordal som alle er eigd og blir forvalta av Fortidsminneforeningen, og Veøy gamle kyrkje i Molde som er eigd av Molde kommune og blir forvalta av Romsdalsmuseet.

I tillegg kan kyrkjelydane eige bygningar som er vigsla til kyrkjeleg bruk, utan at dei formelt er kyrkjer etter lova, som t.d. Skarbøvik kyrkje i Ålesund og Gaustad kapell i Eide. Kyrkjelydane kan også eige forsamlingshus, gravkapell og liknande. Desse er ikkje med i undersøkinga.

Det er eitt fellesråd i kvar av dei 36 kommunane i fylket, med unnatak av kommunane Skodje, Ørskog, Stordal, Stranda og Norddal, som er samla i Storfjorden kyrkjelege fellesråd. Det er såleis 32 forvaltningseiningar for dei 114 kyrkjene i sokna sitt eige.

Av dei 32 fellesråda har 23 fylt ut registreringsskjema for i alt 82 kyrker (72 % av dei 114). Dette utgjør datagrunnlaget for enøk-kartlegginga. Ein del skjema manglar viktige opplysningar, slik at talet på kyrkjer som ligg til grunn for dei ymse resultatane i det følgjande, kan variere.

### 3.2 Kor representative er dei registrerte kyrkjene for kyrkjene i Møre?

Kor representative er dei registrerte kyrkjene i høve til alle kyrkjene i Møre? Vi gjer ei enkel analyse basert på parametrane geografi (representert ved prosti), alder/vernestatus og byggemateriale.

#### 3.2.1 Prosti


Figur 2 viser talet på kyrkjer i kvart prosti (av dei 114), kor mange av dei som er enøk-registrerte og kor mange av dei som har registrert årsforbruk for energi. Av dei 82 enøk-registrerte kyrkjene har 68 oppgitt årsforbruket for eitt eller fleire av dei fem siste åra (83 % av 82; 60 % av 114).

Figuren viser at alle kyrkjene i indre Nordmøre og Austre Sunnmøre prosti er enøk-registrerte og har oppgitt årsforbruk for energi. Ytre Nordmøre, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre prosti er relativt dårlegare dekt, medan Domkirken og Indre Romsdal prosti er i ei mellomgruppe.

#### 3.2.2 Alder og vernestatus


Alder og vernestatus heng nøye saman. Vi brukar her den same inndelinga som KA gjer i sine kyrkjekontrollar, og som har synt seg å vere svært føremålstenleg:

- Automatisk freda: Alle kyrkjer eldre enn 1650 er automatisk freda etter Kulturminnelova
- Automatisk listeført: Alle kyrkjer frå perioden 1650-1850 er automatisk listeførte som verneverdige
- Freda og listeførte kyrkjer nyare enn 1850: Her har Riksantikvaren gjort eit utval av kyrkjer med spesielle verneverdiar. I tillegg kan nokre vere individuelt freda (Domkirken i Molde).
- Ikkje freda eller listeførte kyrkjer nyare enn 1850: Resten av kyrkjene.



Figur 2 Prostivis oversikt over talet på kyrkjer totalt, enøk-registrerte kyrkjer og kyrkjer med oppgitt årsforbruk for energi.

Figur 3 viser talet på kyrkjer i dei fire kategoriene, både totalt og enøk-registrerte. Innanfor kvar kategori er 69 – 83 % av kyrkjene registrert, medan gjennomsnittstalet er 72 %. Det tyder på relativt god representativitet i utvalet, heile bispedømet sett under eitt.



Figur 3 Tal kyrkjer totalt og enøk-registrerte i dei ulike vernekategoriene

### 3.2.3 Byggemateriale

Her er det vanleg å skilje mellom kyrkjer i tre (tømmer, reisverk, bindingsverk, limtre) og mur (stein, mur, tegl, betong). Det er beresystemet i veggane som avgjer kva kategori kyrkja plasserast i.

15 av dei 82 registrerte kyrkjene er i kategorien mur (18,3 %), medan talet totalt for Møre er 20 av 114 (17,5 %). Sjølv om dette tyder på svært god representativitet, må ein merke seg at det er stor skilnad på ei middelalderkyrkje i stein og ei moderne arbeidskyrkje i betong. Tala må derfor nyttast med varsemd.

### 3.2.4 Konklusjon: Kyrkjene er representative, men datamaterialet har manglar

Totalt sett må vi kunne seie at dei registrerte kyrkjene er godt representative for kyrkjene i Møre, både med omsyn til geografisk spreiding, alder/vernestatus og byggemateriale. På grunn av mangelfullt utfylte skjema er det likevel varierende kor mange kyrkjer som utgjer datagrunnlaget for dei ymse resultatane i det følgjande.

## 3.3 Oppvarma areal og volum og installert effekt i kyrkjerommet

### 3.3.1 Oppvarma areal i kyrkjene

Netto oppvarma areal er registrert for 60 kyrkjer. I tillegg er det berekna omtrentleg areal for 7 kyrkjer ut frå opplysningar i Kyrkjebyggdatabasen, slik at datagrunnlaget blir 67 kyrkjer. Enøk-skjemaet brukar formuleringa «netto oppvarmet areal», som nok har blitt forstått litt ulikt. Nokre har oppgitt arealet i kyrkjerommet, medan andre har teke med sakristi, våpenhus og andre oppvarma areal. I analysen vil vi bruke tala slik dei står, men med atterhald om at dei kan vere inkonsistente.

Figur 4 viser dei registrerte tala for netto oppvarma areal, sortert frå dei største til dei minste. Ver merksam på at Molde domkirke (2 200 m<sup>2</sup>) og Sykkylven kyrkje (1 300 m<sup>2</sup>) går ut over skalaen i diagrammet.

Om lag halvparten av kyrkjene (35 av 67) har eit oppvarma areal i området 200 – 300 m<sup>2</sup>. Gjennomsnittsverdien er 285 m<sup>2</sup>. Dersom vi ser bort frå Domkirken og Sykkylven kyrkje, er gjennomsnittet 240 m<sup>2</sup>. Den midterste verdien (medianverdien) er 227 m<sup>2</sup>.


### 3.3.2 Oppvarma volum i kyrkjerommet

Netto oppvarma volum i kyrkjerommet er registrert for 55 kyrkjer. I tillegg er det berekna omtrentleg volum for 3 kyrkjer ut frå opplysningar i Kyrkjebyggdatabasen, slik at datagrunnlaget blir 58 kyrkjer. Domkirken manglar, medan Sykkylven kyrkje er med i utvalet.


For volumet var spørsmålet i skjemaet spesifikt knytt til kyrkjerommet («netto oppvarmet volum i kirkerom»), slik at det er grunn til å tru at tala er meir konsistente enn for arealet. Likevel er nokre av registreringane litt overraskande. Det er heller ikkje enkelt å måle nøyaktig volum i eit kyrkjerom, slik at ein må rekne med noko usikkerheit.

Figur 5 viser dei registrerte tala for netto oppvarma volum i kyrkjerommet, sortert frå dei største til dei minste.

Over halvparten av kyrkjene (34 av 58) har eit oppvarma volum i området 1 000 – 2 000 m<sup>3</sup>. Det er i stor grad dei same kyrkjene som har eit oppvarma areal på 200 – 300 m<sup>2</sup>. Gjennomsnittsverdien for alle kyrkjene er 1 572 m<sup>3</sup>, og medianverdien 1469 m<sup>3</sup>.



Figur 5 Oppvarma areal i kyrkjene. 58 kyrkjer.



Figur 4 Oppvarma volum i kyrkjene. 67 kyrkjer.



### 3.3.3 Installert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet

Installert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet er registrert for 52 kyrkjer. Effekten varierer frå 5,4 kW til 70 kW. Gjennomsnittsverdien er om lag 29,4 kW medan medianverdien er 26,7 kW.

Installert effekt kan vere påverka av fleire faktorar:

- Kva type varmekjelde som er brukt
- Kor gammalt anlegget er
- Om det er ei blanding av eldre og nyare varmekjelder (t.d. eldre røyromnar og nyare varmepumpe)
- Kor godt kyrkja er isolert
- Kor ofte kyrkja er i bruk
- Kor raskt kyrkja skal varmast opp
- Kvile- og brukstemperatur
- Effekt i høve til areal og volum


Av dei fire kyrkjene med høgast effekt, er tre blant dei sju største i oppvarma areal og blant dei åtte største i volum. Dette er alle store trekyrkjer frå siste halvdel av 1800-talet. Men vi finn også store kyrkjer med middels eller liten installert effekt, og nokre mindre kyrkjer med relativt høg effekt.

Ved første augekast er det tilsynelatande ingen klår samanheng mellom installert effekt og kyrkja sin storleik.

I det følgjande vil vi sjå nærare på denne samanhengen. Vi vil også samanlikne resultatet med oppvarmingstida frå kviletemperatur til brukstemperatur, og årleg energiforbruk i høve til storleik og bruksfrekvens.

Dette vil også gi oss to viktige nøkkelparametrar i enøk-samanheng:

- Installert effekt pr. m<sup>3</sup> volum i kyrkjerommet (W/m<sup>3</sup>)
- Energiforbruk pr. m<sup>2</sup> og år (kWh/m<sup>2</sup> år)



Figur 6 Oppvarmingseffekt i kyrkjerommet (W).

### 3.4 Installert effekt i kyrkjerommet i høve til oppvarma areal og volum

Figur 7 og 8 viser installert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet pr. m<sup>2</sup> oppvarma areal og pr. m<sup>3</sup> oppvarma volum i kyrkjerommet for dei 52 kyrkjene. I figur 7 er dei to parametrane samanstillt i eitt diagram, medan figur 8 viser oppvarmingseffekten fordelt på areal (venstre kolonne) og volum (høgre kolonne) kvar for seg.


Oppvarmingseffekten i kyrkjerommet fordelt på oppvarma areal er i gjennomsnitt 127 W/m<sup>2</sup> og medianverdien 109 W/m<sup>2</sup>. Som nemnt i 3.3.1 kan oppvarma areal i nokre tilfelle berre omfatte kyrkjerommet, og i andre tilfelle også omfatte sakristi, våpenhus og andre oppvarma areal i kyrkja. Tala må derfor nyttast med varsemd.

Oppvarmingseffekten pr. m<sup>3</sup> volum i kyrkjerommet er i gjennomsnitt 21,34 W/m<sup>3</sup> og medianverdien 18,54 W/m<sup>3</sup>. Det er langt under den anbefalte verdien på 27-35 W/m<sup>3</sup>. Berre 11 av dei 52 kyrkjene (21 %) har 27 W/m<sup>3</sup> eller meir installert varmeeffekt i kyrkjerommet.


Kyrkjene er ulike både når det gjeld grunnflate, høgde og del oppvarma areal. Sjølv om dette fører til at oppvarma volum i høve til areal kan variere ein del, skulle ein likevel kunne forvente at oppvarmingseffekten pr. arealeining og volumeining i grove trekk følgde kvarandre. Figurane viser at det ikkje er ein slik enkel samanheng. Sjølv om trendlina i venstre kolonne i figur 8 viser ein viss samvariasjon mellom effekt pr. m<sup>2</sup> og effekt pr. m<sup>3</sup>, er det store variasjonar på objektnivå. Dette gjer det vanskeleg å samanlikne dei to faktorane, og å trekke generelle konklusjonar om den eine faktoren ut frå den andre.

Det som likevel kjem tydeleg fram er at varmeanlegga i betydeleg grad er underdimensjonerte. Effektbehovet vil variere ut frå spesifikke forhold som byggemateriale, tettleik og lokale klimatilhøve. Bruk av varmepumpe, eventuelt i kombinasjon med røyromnar/benkevarmarar/panelomnar, vil kunne redusere effektbehovet, men berre 3 av dei 52 kyrkjene har varmepumper. To av desse er blant dei tre som har lågast installert effekt pr. m<sup>3</sup> (Vike kyrkje og Sykkylven kyrkje).

Eit godt bevaringsmiljø for interiør og inventar krev god temperaturstyring og rask oppvarming. Det vil i dei fleste tilfelle krevje høgare effekt enn det som er installert. I neste avsnitt vil vi sjå nærare på korleis effekten påverkar tida det tek å varme opp frå kviletempertur til brukstemperatur.



Figur 7 Oppvarmingseffekt pr. m<sup>2</sup> oppvarma areal (blå søyler) og pr. m<sup>3</sup> oppvarma volum i kyrkjerommet (oransje felt).




Figur 8 Oppvarmingseffekt pr. m<sup>2</sup> oppvarma areal (W/m<sup>2</sup>) og pr. m<sup>3</sup> oppvarma volum i kyrkjerommet (W/m<sup>3</sup>). 52 kyrkjer.

### 3.5 Oppvarmingstida om vinteren i høve til installert effekt

Dei fleste kyrkjene i utvalet har ei eller anna form for brukstilpassa varmestyring. Det betyr at temperaturen senkast til ein kviletemperatur når kyrkja ikkje er i bruk, og aukast til brukstemperatur når kyrkja skal brukast. Det kan også vere skilnad på ulike rom slik at t.d. sakristi og møterom står jamt varme, medan temperaturen i kyrkjerommet blir regulert opp og ned etter behov.


Det er registrert installert effekt i kyrkjerommet for 52 kyrkjer. For 49 av desse er det også oppgitt kviletemperatur og tal timar det tek å heve temperaturen til brukstemperatur på ein kald vinterdag. I staden for faste temperaturar har nokre oppgitt eit temperaturintervall. I analysen har ein vald å bruke den høgaste oppgitte verdien både på brukstemperatur og kviletemperatur.

Figur 9 viser dei to parametrane samanstillt i eitt diagram for dei 49 kyrkjene. Trendlina viser ei svakt fallande oppvarmingstid når effekten aukar, men denne er på ingen måte omvendt proporsjonal med installert effekt, og det er svært store variasjonar på objektnivå.



Figur 9 Oppvarmingstid ein kald vinterdag (venstre akse) samanhalde med oppvarmingseffekt pr.  $m^3$  kyrkjerom (høgre akse). 49 kyrkjer.

Figur 10 viser dei same to parametrane, men her er oppvarmingstida i timar vist som ein funksjon av den spesifikke oppvarmingseffekten i kyrkjerommet ( $W/m^3$ ). Punktskyen er tettast i området 15 - 20  $W/m^3$  og med tilhøyrande oppvarmingstid 5 - 15 timar. Fleire einskildkyrkjer har likevel betydeleg høgare oppvarmingstid trass i høg installert effekt – langt over det anbefalte området.




Figur 10 Oppvarmingstid vinter (timar) som funksjon av oppvarmingseffekt ( $W/m^3$ ).


I figur 9 og 10 er det ikkje teke omsyn til differansen mellom kvile- og brukstemperatur i kyrkjene. I dei 49 kyrkjene varierer kviletemperaturen mellom 4 °C og 16 °C, medan brukstemperaturen varierer mellom 17 °C og 22 °C. Differansen kan variere mellom 4 og 16 grader for dei einsskille kyrkjene. Det er rimeleg å anta at denne skilnaden også vil påverke oppvarmingstida, ikkje berre i den einsskille kyrkja, men for utvalet generelt. Vi vil teste denne hypotesen ved å sjå på oppvarmingshastigheita, altså kor lang tid det tar å varme opp kyrkjene pr. grad, i høve til installert effekt.

Figur 11 og 12 viser dei same resultatane som figur 9 og 10, men slik at oppvarmingstida er erstatta med oppvarmingshastigheit (timar pr. grad). Dei kyrkjene som hadde høgast oppvarmingstid stikk seg framleis ut med høg oppvarmingstid pr. grad, men det relative bileteet kyrkjene imellom er noko endra. Punktskyta i figur 12 viser at hovudtyngda av kyrkjene har ei oppvarmingshastigheit i området 0,33 - 1,88 timar pr. °C (eller 0,5 - 3 grader pr. time) innanfor effektområdet 15 - 20 W/m<sup>3</sup>.

Den relative skilnaden er likevel ikkje mindre enn før, slik ein skulle forvente. Det relative forholdet mellom høgaste og lågaste oppvarmingstid er (72 timar/2 timar) = 36,0. Det relative forholdet mellom høgaste og lågaste oppvarmingshastigheit er (8 timar pr. °C/0,22 timar pr. °C) = 36,4. Hypotesen om at oppvarmingshastigheit pr. grad skulle ha ein utjamnande effekt i høve til total oppvarmingstid er såleis ikkje styrka – snarare tvert om.



Figur 11 Oppvarmingstid pr. °C (venstre akse) og oppvarmingseffekt pr. m<sup>3</sup> kyrkjerom (høgre akse).



Figur 12 Oppvarmingshastigheit (timar pr. °C) som funksjon av effekt (W/m<sup>3</sup>).

### 3.6 Kviletemperatur, brukstemperatur og oppvarmingstid


I kap. 3.5 analyserte vi oppvarmingstida for dei 49 kyrkjene som også hadde registrert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet. I tillegg er det registrert kviletemperatur og brukstemperatur for 28 av dei andre kyrkjene. Samla datagrunnlag blir da 77 kyrkjer. I dei tilfella det er oppgitt eit temperaturintervall for kvile- og/eller brukstemperatur, er den høgaste temperaturen valt.

Datamaterialet viser at det ofte er same kvile- og brukstemperatur på alle kyrkjene innanfor eit fellesråd. Det tyder på at den lokale kyrkjeadministrasjonen legg opp til felles driftsrutinar lokalt.


Brukstemperaturen er for dei aller fleste kyrkjene oppgitt til  $20 \pm 2$  °C. Fordelinga er vist i figur 13. Av dei 77 kyrkjene har 51 % ein brukstemperatur på 20 °C, medan 16 % held ein lågare temperatur og 34 % held ein høgare temperatur.

Fordelinga av kviletemperaturen er vist i figur 14. Her er det større spreiding, frå 0 °C (eller utelufttemperatur) opp til 19 °C (= driftstemperatur. Gjeld Sykkylven kyrkje som står jamt oppvarma på grunn av intensiv bruk). Der er markerte tyngdepunkt kring 5 °C og 10 °C. 36 % av kyrkjene har ein kviletemperatur på 5 °C eller lågare, medan 32 % har ein kviletemperatur på mellom 5 og 10 °C.


Figur 15 viser kviletemperaturen og temperaturdifferansen for alle dei 77 kyrkjene. Kyrkjene er sortert i stigande rekkefølge etter kviletemperatur. Ettersom det er eit stabla diagram, vil toppen av søylene vise driftstemperaturen.



Figur 13 Tal kyrkjer med ulik brukstemperatur. 77 kyrkjer.



Figur 14 Tal kyrkjer med ulik kviletemperatur. 77 kyrkjer.



Figur 15 Kviletemperatur og temperaturdifferanse opp til driftstemperatur. 77 kyrkjer.

## 3.7 Årleg energiforbruk i kyrkjene

### 3.7.1 Samla energiforbruk i 2017

I registreringsskjemaet var det spurt etter årleg energiforbruk i kyrkjene i perioden 2013-2017, fordelt på straum og «fyringsolje og anna». Sistnemnde gruppe omfattar kyrkjene Øye og Spjelkavik, som begge har fjernvarme. Tingvoll kyrkje hadde eit prøveprosjekt med fjernvarme i 2013-2016, som vart avslutta i 2017. All annan energiforsyning i kyrkjene er elektrisk straum.

For 69 av dei 82 kyrkjene ligg det føre registreringar for eitt eller fleire av åra 2013-2017. Av desse har 67 registrerte forbrukstal for 2017. Tabell 1 viser at dei 67 kyrkjene til saman brukte 3,96 GWh straum og 0,22 GWh fjernvarme, i alt 4,19 GWh energi i 2017.

For å få eit bilete av den samla energibruken til kyrkjene i Møre, kan vi ta gjennomsnittet og skalere opp til 114 kyrkjer. Vi ser da at det samla forbruket for dei 114 kyrkjene i Møre truleg var i overkant av 7 GWh straum og fjernvarme i 2017.

*Tabell 1 Registrert, samla energiforbruk for 67 kyrker i 2017, gjennomsnittleg forbruk for dei same kyrkjene og ekvivalent forbruk for 114 «gjennomsnittskyrkjer» i Møre.*

Energiforbruk 2017	Registrert forbruk for 67 kyrkjer	Gjennomsnittleg forbruk pr. kyrkje	Ekvivalent forbruk for 114 kyrkjer
Samla forbruk el	3 963 935 kWh	59 163 kWh	6 744 582 kWh
Samla forbruk fjernvarme	224 010 kWh	3 343 kWh	381 102 kWh
<b>Samla energiforbruk</b>	<b>4 187 945 kWh</b>	<b>62 506 kWh</b>	<b>7 125 757 kWh</b>

### 3.7.2 Utviklinga av energiforbruket i perioden 2013-2017

For 32 av kyrkjene er det registrert årleg energiforbruk kvart år i perioden 2013-2017. Ingen av desse kyrkjene har fjernvarme, slik at det berre er snakk om el-forbruk. Samla el-forbruk for dei 32 kyrkjene i perioden 2013-2017 er gitt i tabell 2.

Oppvarmingsbehovet for kvart år blir påverka av temperaturane gjennom året. Dette kan uttrykkest ved graddagstalet («energi gradtal»), som er differansen mellom ein basistemperatur på 17 °C og middeltemperaturen kvart døgn, summert opp over året. Dette talet blir rekna ut for kvar meteorologisk målestasjon i landet, og vidare gjort om til eit representativt fylkestal. I tabell 2 har vi registrert fylkestala for Møre og Romsdal i perioden 2013-2017 (Kjelde: Enovas tabell over graddagstall 2010-2018). Ved graddagskorrigering for energiforbruk skal ein eigentleg skilje mellom temperaturuavhengig del og temperaturavhengig del. For kyrkjene kan vi rekne med at det meste av energien går til oppvarming, og såleis er temperaturavhengig. For å gjere det enkelt korrigerer vi derfor heile forbruket med same prosent som variasjonen i graddagstalet.


*Tabell 2 Sum el-forbruk i 32 kyrkjer i perioden 2013-2017. Faktisk forbruk og graddagskorrigert.*

	2013	2014	2015	2016	2017
Sum el-forbruk 32 kyrkjer (kWh)	2 147 197	1 849 371	1 880 740	2 024 766	2 198 062
Sum el-forbruk, graddagskorrigert	2 147 197	2 180 172	2 089 839	2 120 351	2 351 926
Graddagstal for Møre og Romsdal	3638	3086	3274	3474	3400
Prosent av graddagstal 2013	100 %	84,8 %	90,0 %	95,5 %	93,5 %



Figur 16 viser samla årleg el-forbruk for dei 32 kyrkjene i perioden 2013-2017. Det faktisk forbruket gjekk ned med om lag 14 % frå 2013 til 2014 og tok seg deretter gradvis opp att, til det i 2017 var 2,4 % høgare enn i 2013. Dei graddagskorrigererte tala viser derimot at forbruket var ganske stabilt i åra 2013-2016 (innafor  $\pm 1,5\%$ ), men steig med 9,5 % i 2017. Skilnaden dei første åra kan skuldast tilfeldige variasjonar i bruken av kyrkjene eller lokale avvik frå graddagstalet for Møre og Romsdal. Auken det siste året er meir reell, og kan ikkje utan vidare forklarast ut frå datamaterialet.

Ettersom utvalet berre omfattar 28 % av kyrkjene i Møre, skal ein også vere varsam med å trekke bastante konklusjonar om den samla utviklinga i perioden.



Figur 16 Samla årleg el-forbruk for 32 kyrkjer i perioden 2013-2017.

#### Huskelapp:

Referer nokre energi-resultat frå undersøkinga av kyrkjer i Møre i år 2000. Samanlikn med resultatata no.

### 3.7.3 Forbruk pr. kvadratmeter oppvarma areal i 2017

Datamaterialet omfattar 54 kyrkjer der det både er oppgitt oppvarma areal og energiforbruk i 2017. Ingen av desse kyrkjene brukte fjernvarme i 2017.


Dei 54 kyrkjene hadde eit samla oppvarma areal på 16 010 m<sup>2</sup> og eit samla el-forbruk på 3 061 223 kWh i 2017. Det gir eit gjennomsnittleg energiforbruk på **191,2 kWh/m<sup>2</sup>**.

Spesifikt forbruk for kvar kyrkje er vist i figur 17. Gjennomsnittet pr. kyrkje er 188,6 kWh/m<sup>2</sup> og medianverdien 163,5 kWh/m<sup>2</sup>. Gjennomsnittleg forbruk pr. kyrkje er 56 689 kWh.

Enovas byggstatistikk for 2017 viser at medianverdien for kulturbygg ligg på nettopp 191 kWh/m<sup>2</sup>. Landsgjennomsnittet for kyrkjer blir vanlegvis rekna til **xxx kWh/m<sup>2</sup>**.

Det kan vere fleire grunnar til at forbruket generelt ligg høgt. Kyrkjene har store volum i høve til grunnflata på grunn av stor takhøgde, og dei eldre kyrkjene er ofte dårleg isolert. Låg bruksfrekvens og lange periodar med kviletemperatur burde likevel kunne trekke forbruket så mykje ned at ein skulle forvente eit meir «normalt» gjennomsnittsförbruk. På generelt grunnlag bør det derfor vere grunnlag for å anta at det framleis er betydeleg sparepotensial i mange kyrkjer.

Byggteknisk forskrift (TEK17) set ei energiramme på 130 kWh/m<sup>2</sup> for nye kulturbygg. Sjølv om slike bygg kan vere av svært ulikt slag, kan dette også vere eit rimeleg mål å strekke seg mot for kyrkjene.



Figur 17 El-forbruket i 2017 pr. m<sup>2</sup> oppvarma areal i kvar kyrkje (kWh/m<sup>2</sup>). 54 kyrkjer.

### 3.7.4 Forbruk pr. kubikkmeter volum i kyrkjerommet i 2017


For 46 kyrkjer er det registrert både oppvarma volum i kyrkjerommet og energiforbruk i 2017. Ei av desse kyrkjene har fjernvarme (Øye kyrkje).

Dei 46 kyrkjene hadde i 2017 eit samla oppvarma volum på 71 421 m<sup>3</sup>. Samla energiforbruk var 2 455 672 kWh straum og 64 854 kWh fjernvarme, i alt 2 520 526 kWh energi. Det gir eit gjennomsnittleg energiforbruk på **35,3 kWh/m<sup>3</sup>**.

Gjennomsnittet av spesifikt forbruk pr. kyrkje er 34,9 kWh/m<sup>3</sup> og medianverdien 33,0 kWh/m<sup>3</sup>.

Spesifikt forbruk for kvar kyrkje er vist i figur 18. I grove trekk kan vi sortere kyrkjene i tre grupper:

- Lågt forbruk (5-25 kWh/m<sup>3</sup>): 16 kyrkjer (35 %)
- Middels forbruk (25-45 kWh/m<sup>3</sup>): 21 kyrkjer (46 %)
- Høgt forbruk (over 45 kWh/m<sup>3</sup>): 9 kyrkjer (20 %)



Figur 18 Energiforbruk pr. m<sup>3</sup> volum i kyrkjerommet i 2017 (kWh/m<sup>3</sup>). 46 kyrkjer.


### 3.8 Energiforbruk i høve til aktivitet

Korleis er energibruken i høve til aktiviteten i den einkilde kyrkja? Kyrkjevevane har vore flinke til å fylle ut talet på gudstenester, gravferder, vigslar, konsertar, møte, konfirmantsamlingar og andre aktivitetar i kvar kyrkje. Nokre av desse aktivitetane brukar berre delar av bygget, men det er ikkje mogeleg ut frå materialet å skilje ut kor mykje av energibruken som er knytt til kvar aktivitet. I dei fleste kyrkjene er det likevel slik at stort sett heile den oppvarma delen av kyrkja er i bruk ved arrangement. Ved å ta den samla energibruken og dele på summen av arrangement, kan vi derfor få eit bilete av kor mykje energi som blir brukt i gjennomsnitt per arrangement.

For arbeidskyrkjene, som har lokale for kyrkjelydsarbeid og administrasjon i bygget, kan dette likevel gi eit noko skeivt bilete. I desse kyrkjene utgjer kyrkjerommet berre ein mindre del av totalarealet, og store delar av bygget vil vere jamt oppvarma. Av dei 82 registrerte kyrkjene i Møre er det 5 kyrkjer i denne kategorien: Molde domkirke, Valderøy kyrkje, Spjelkavik kyrkje, Sykkylven kyrkje og Larsnes kyrkje. I desse tilfella kan forbruket per arrangement bli for høgt samanlikna med dei andre kyrkjene.

Det er 60 kyrkjer som både har registrert aktivitetar og energiforbruk i 2017. Av desse er det berre domkirken og Sykkylven som er arbeidskyrkjer.

**Kommentar figur 19. Trend: Når aktiviteten aukar, går forbruket pr. aktivitet ned. Men ikkje omvendt proporsjonalt, og med store variasjonar på objektnivå.**



Figur 19 Sum aktivitetar (venstre kolonne) og energiforbruk pr. aktivitet (høgre kolonne). 60 kyrkjer.

### **3.9 Om varmeanlegg og varmestyring**

Statistikk for:

Type oppvarmingsanlegg i kyrkjerom.

Type oppvarmingsanlegg andre rom.

Skjer det brukstilpassa oppvarming? Korleis?

Skjer det registrering og analyse av straumforbruk?

Skjer det registrering og analyse av inneklima?

### **3.10 Inneklima og inventar**

Er det klager på inneklimaet?

Er det skader på maling/overflater pga. inneklima?

### **3.11 Behov for nye varmeanlegg**

Kor mange har behov for nytt varmeanlegg?

Kor mange har benkar (slik at ein kan bruke benkevarmarar)?

### **3.12 Aktuelle enøk-tiltak**

Typiske ønskje og planar for forbetringar og tiltak

# Vedlegg 1: Intervjuguide

## Kartleggingsintervju om enøk – ..... fellestråd

....., kyrkjevevjerje i ..... fellestråd. Dato for intervju: ..... Intervjuar: .....

### 1. Formalia

Har vi rett namn, telefon og e-postadresse til kyrkjevevjerja (jf. adresseliste)?

**Svar:**

### 2. Status i høve til «grøn kyrkjelyd»

Er nokre av sokna registrert som grøn kyrkjelyd/grønn menighet?

**Svar:**

### 3. Energiregistreringar

Ligg det føre data for energiforbruket i kyrkjene t.d. frå det lokale nettselskapet eller elles? (Kva for type statistikk? Detaljeringsgrad og tidsperiode? På elektronisk eller manuell form?)

**Svar:**

### 4. Status for enøk-arbeidet

Er det gjort spesielle vedtak om enøk-arbeidet i fellestrådet (planar, organisering)?

**Svar:**

### 5. Gjennomførte tekniske tiltak

Er det gjennomført tekniske enøk-tiltak i nokre av kyrkjene (t.d. montert web-basert anlegg for varmestyring, skifta til LED-lys ute/inne, utført tilleggsisolering/tetting)?

**Svar:**

### 6. Straumtariffar

Kva for type straumtariffar er i bruk? Har det vore kontakt med lokalt nettselskap om alternative tariffar (t.d. avrekning etter energiforbruk i staden for effekt) eller andre tiltak som kan redusere energikostnadane? (Dei som ikkje er sikre kan sende inn siste straumfaktura for analyse.)

**Svar:**

### 7. Administrative tiltak – driftsrutinar

Er det innført instruksar eller rutinar for brukstilpassa oppvarming av kyrkjene (t.d. for helg, kvardag, årstid og ulike arrangement)? Kven har ansvar for å følgje opp rutinare?

**Svar:**

### 8. Planar og ønskje

Ligg det føre planar om innføring av nye rutinar for brukstilpassa oppvarming eller for investering i nye tekniske enøk-tiltak? Kva kan eventuelt enøk-prosjektet i Møre bidra med?

**Svar:**

### 9. Finansiering

Er det gitt støtte til enøk-tiltak gjennom ENOVA, bankar, forsikringsselskap/KNIF, kommunen eller den statlege rentekompensasjonsordninga? Er det aktuelt å søke slik støtte til nye tiltak, eventuelt i samarbeid med enøk-prosjektet i Møre?

**Svar:**

### 10. Lokal enøk-ansvarleg

Kven i din organisasjon kan vere enøk-ansvarleg innan ditt fellestråd (ein eller fleire; tilsette eller frivillige)? Slike ressurspersonar vil vi også invitere som deltakarar i enøk-prosjektet.

**Svar:**

## Vedlegg 2: Adresseliste for kyrkjeværjane i Møre

Oppdatert pr. september 2018

Fellesråd	Kyrkjeværje	Telefon	Mobil	E-post
Aure	Judith Bjørk	71 64 62 51	92435280	<a href="mailto:judith@aukeyrkje.no">judith@aukeyrkje.no</a>
Averøy	Kristian Futsæter	71 51 46 46	45879087	<a href="mailto:kirkevergen@kirkeniaveroy.no">kirkevergen@kirkeniaveroy.no</a>
Eide	Anne-Lise Johnsen	71 29 61 84	41248664	<a href="mailto:kirkeverge@eidemenighet.no">kirkeverge@eidemenighet.no</a>
Halsa	Anne Strand (konst.)		90585564	<a href="mailto:anne.strand@halsa.kommune.no">anne.strand@halsa.kommune.no</a>
Kristiansund	Mildrid Fiske	71 57 51 90	91561657	<a href="mailto:mildrid.fiske@kristiansund.kommune.no">mildrid.fiske@kristiansund.kommune.no</a>
Smøla	Judy Rangnes	71 54 46 27	90672144	<a href="mailto:judy.rangnes@smola.kommune.no">judy.rangnes@smola.kommune.no</a>
Gjemnes	Aud Toril Gagnat	71 29 12 90	95111081	<a href="mailto:aud.toril.gagnat@gjemnes.kommune.no">aud.toril.gagnat@gjemnes.kommune.no</a>
Rindal	Ingeborg Nordlund	71 65 70 60	91165552	<a href="mailto:ingeborg.nordlund@rindal.kirken.no">ingeborg.nordlund@rindal.kirken.no</a>
Rindal	Jan Brødreskift		40444749	<a href="mailto:jan.brodreskift@rindal.kirken.no">jan.brodreskift@rindal.kirken.no</a>
St. og Surnadal	Ingeborg Nordlund	71 65 70 60	91165552	<a href="mailto:ingeborg.nordlund@surnadal.kyrkja.no">ingeborg.nordlund@surnadal.kyrkja.no</a>
Sunndal	Stig Rune Andreassen	71 69 23 00	95129136	<a href="mailto:stig@sunndal-kirke.no">stig@sunndal-kirke.no</a>
Tingvoll	Marit Linberg	71 53 01 23	90927652	<a href="mailto:marit.linberg@kirken.tingvoll.no">marit.linberg@kirken.tingvoll.no</a>
Aukra	Frank Harald Vestad	71 17 15 40	90680283	<a href="mailto:frank.harald.vestad@aukra.kommune.no">frank.harald.vestad@aukra.kommune.no</a>
Fræna	Harald Ednar Hagen	71 26 66 70	41147857	<a href="mailto:harald.ednar.hagen@frana.kommune.no">harald.ednar.hagen@frana.kommune.no</a>
Midsund	Svanaug Lervik	71 27 05 10	97780114	<a href="mailto:svanaug.lervik@midsund.kommune.no">svanaug.lervik@midsund.kommune.no</a>
Molde	Hans Jakob Nes	71 11 14 75	90184278	<a href="mailto:hans.jakob.nes@molde.kommune.no">hans.jakob.nes@molde.kommune.no</a>
Sandøy	Heidi Elin Viken	71 27 75 11	91392025	<a href="mailto:kyrkja@sandoy.kommune.no">kyrkja@sandoy.kommune.no</a>
Sandøy	Harøy krk.: Kjell Faksvåg		40405310	<a href="mailto:kfaksvag@broadpark.no">kfaksvag@broadpark.no</a>
Sandøy	Sandøy krk.: Ingvar Sandøy		95808276	<a href="mailto:isandoey@online.no">isandoey@online.no</a>
Neset	Kjell Roger Gammelseter	71 23 14 55	95221310	<a href="mailto:kjell.roger.gammelseter@neset.kirken.no">kjell.roger.gammelseter@neset.kirken.no</a>
Rauma	Magny Landre	71 22 74 70	47297247	<a href="mailto:kirkeverge@rauma.kirken.no">kirkeverge@rauma.kirken.no</a>
Vestnes	Olav Egil Tomren	71 18 42 35	91629416	<a href="mailto:olav.tomren@vestnes.kommune.no">olav.tomren@vestnes.kommune.no</a>
Giske	Turid Urkedal Valderhaug	70 18 80 42	45065380	<a href="mailto:tuva@giske.kommune.no">tuva@giske.kommune.no</a>
Haram	Jan Dalhaug	70 20 93 70		<a href="mailto:jada@haram.kyrkja.no">jada@haram.kyrkja.no</a>
Sula	Jan Erik Hovland	70 19 96 00	90502658	<a href="mailto:jan.erik.hovland@sula.kommune.no">jan.erik.hovland@sula.kommune.no</a>
Ålesund	Svein Rune Johannessen	70 16 53 00	95557510	<a href="mailto:kirkevergen@kirken-aalesund.no">kirkevergen@kirken-aalesund.no</a>
Ålesund	Driftsleder Geir Aure	70 16 53 00	41540657	<a href="mailto:geir.aure@kirken-aalesund.no">geir.aure@kirken-aalesund.no</a>
Storfjorden	Petra Riste Synnes	70 27 27 50	40441527	<a href="mailto:kyrkjevrje@storfjorden.kyrkja.no">kyrkjevrje@storfjorden.kyrkja.no</a>
Storfjorden	Driftsleiar Arnstein Sætre		47175465	<a href="mailto:radgjevar.skodje@storfjorden.kyrkja.no">radgjevar.skodje@storfjorden.kyrkja.no</a>
Sykkylven	Arild Sporsheim	70 24 69 00	99629130	<a href="mailto:kyrkjevrje@sykkylven.kyrkja.no">kyrkjevrje@sykkylven.kyrkja.no</a>
Hareid	Bente Andreassen Pilskog	70 09 51 34		<a href="mailto:bente.pilskog@hareid.kommune.no">bente.pilskog@hareid.kommune.no</a>
Herøy	Marit Sævik Leinebø	70 08 02 60		<a href="mailto:kyrkjevrja@heroy-kyrkje.no">kyrkjevrja@heroy-kyrkje.no</a>
Sande	Dorthe Mari Nordahl	70 02 64 80		<a href="mailto:dnksande@sande-mr.kommune.no">dnksande@sande-mr.kommune.no</a>
Ulstein	Christfried Kaul	70 01 76 80	46693099	<a href="mailto:ck563@kyrkja.no">ck563@kyrkja.no</a>
Vanylven	Målfrid Støvreide	70 02 21 60	97065075	<a href="mailto:ms828@kyrkja.no">ms828@kyrkja.no</a>
Volda	Jostein Stråbø	70 07 40 90		<a href="mailto:kyrkjevrja@volda.kyrkja.no">kyrkjevrja@volda.kyrkja.no</a>
Ørsta	Arnstein Myklebust	70 04 86 40		<a href="mailto:arnstein.myklebust@orsta.kyrkja.no">arnstein.myklebust@orsta.kyrkja.no</a>



## Vedlegg 3: Enøk-intervju – samletabell

<b>Spm. 1</b>	<b>Prosti</b>	<b>Inter- vjuar</b>	<b>Dato for intervju</b>	<b>Kyrkjeverje</b> evt. kontaktperson som vart intervju
<b>Fellesråd</b>				
<b>Aure</b>	Yt No	ML	30.08.18	Judith Bjørk
<b>Averøy</b>	Yt No	ML	03.09.18	Kristian Futsæter
<b>Eide</b>	Yt No	ML	03.09.18	Anne-Lise Johnsen
<b>Halsa</b>	Yt No	ML	04.09.18	Anne Strand (konst.)
<b>Kristiansund</b>	Yt No	ML	04.09.18	Mildrid Fiske
<b>Smøla</b>	Yt No	ML	30.08.18	Judy Rangnes
<b>Gjemnes</b>	In No	ML	23.08.18	Aud Toril Gagnat
<b>Rindal</b>	In No	ML	03.09.18	Ingeborg Nordlund
<b>Stangvik og Surnadal</b>	In No	ML	03.09.18	Ingeborg Nordlund
<b>Sunndal</b>	In No	ML	24.08.18	Stig Rune Andreassen
<b>Tingvoll</b>	In No	ML	24.08.18	Marit Linberg
<b>Aukra</b>	Domk	PFB	17.08.18	Frank Harald Vestad
<b>Fræna</b>	Domk	PFB	16.08.18	Harald Ednar Hagen
<b>Midsund</b>	Domk	PFB	15.08.18	Svanaug Lervik
<b>Molde</b>	Domk	PFB	xx.08.18	Hans Jakob Nes
<b>Sandøy</b>	Domk	PFB	21.08.18	Heidi Elin Viken Kontaktperson Harøy krk.: Kjell Faksvåg Kontaktperson Sandøy krk.: Ingvar Sandøy
<b>Neset</b>	In Ro	PFB	20.08.18	Kjell Roger Gammelseter
<b>Rauma</b>	In Ro	PFB	22.08.18	Magny Landre
<b>Vestnes</b>	In Ro	PFB	21.08.18	Olav Egil Tomren
<b>Giske</b>	No Su	MIM	21.08.18	Turid Urkedal Valderhaug
<b>Haram</b>	No Su	MIM	21.08.18	Jan Dalhaug
<b>Sula</b>	No Su	MIM	21.08.18	Jan Erik Hovland
<b>Ålesund</b>	No Su	MIM	23.08.18	Driftsleiar Geir Aure blei intervju. (Kyrkjeverje er Svein Rune Johannessen)
<b>Storfjorden</b>	Au Su	MIM	27.08.18	Petra Riste Synnes og driftsleiar Arnstein Sætre
<b>Sykkylven</b>	Au Su	MIM	21.08.18	Arlid Sporsheim
<b>Hareid</b>	Sø Su	MIM	22.08.18	Bente Andreassen Pilskog
<b>Herøy</b>	Sø Su	MIM	22.08.18	Marit Sævik Leinebø
<b>Sande</b>	Sø Su	MIM	21.08.18	Dorthe Mari Nordahl
<b>Ulstein</b>	Sø Su	MIM	21.08.18	Christfried Kaul
<b>Vanylven</b>	Sø Su	MIM	21.08.18	Målfrid Støvreide
<b>Volda</b>	Sø Su	MIM	28.08.18	Jostein Stråbø
<b>Ørsta</b>	Sø Su	MIM	22.08.18	Arnstein Myklebust

<b>Spm. 2</b>	<b>Status i høve til «grøn kyrkjelyd»</b> Er nokre av sokna registrert som grøn kyrkjelyd / grønn menighet?
<b>Aure</b>	Nei
<b>Averøy</b>	Nei
<b>Eide</b>	Nei
<b>Halsa</b>	<i>Merknad: Halsa sokn går over i Orkland prosti i desember 2019. Derfor ikkje aktuelt å vere med no.</i>
<b>Kristiansund</b>	Ja, to menigheter; Nordlandet og Kristiansund
<b>Smøla</b>	Nei, ingen av de tre menighetene (to kirker i et sokn)
<b>Gjemnes</b>	Nei, men har fokus på det likevel. Ikkje kyrkjelydshus og derfor passar ikkje dette for oss.
<b>Rindal</b>	Nei
<b>Stangvik og Surnadal</b>	Nei
<b>Sunnadal</b>	Nei
<b>Tingvoll</b>	Ja, Straumsnes sokn
<b>Aukra</b>	Nei. Arbeid i gang for dette.
<b>Fræna</b>	Nei.
<b>Midsund</b>	Berre eitt sokn. Ikkje registrert som grøn kyrkjelyd.
<b>Molde</b>	Molde og Bolsøy
<b>Sandøy</b>	Nei
<b>Nesset</b>	Nei
<b>Rauma</b>	Ikkje formalisert i kyrkjelydane, men noko aktivitet i regi av diakontenesta.
<b>Vestnes</b>	Vestnes sokn grøn kyrkjelyd frå 2017. Øvrige avventer.
<b>Giske</b>	Nei. Men vi driv med enkel kjeldesortering.
<b>Haram</b>	Ingen. Haram sokneråd har diskutert litt. Men det er t.d. ei utfordring å ikkje kunne bruke eingongsbestikk/-service når det manglar oppvaskmoglegheiter.
<b>Sula</b>	Nei
<b>Ålesund</b>	Ja, Borgund (men lite aktivitet)
<b>Storfjorden</b>	Nei. (Ørskog var med tidlegare)
<b>Sykkylven</b>	Nei, men har det på dagsorden
<b>Hareid</b>	Nei, diverre
<b>Herøy</b>	Nei
<b>Sande</b>	Ja, Sande og Gursken m/Larsnes
<b>Ulstein</b>	Ja, men lenge sidan
<b>Vanylven</b>	Nei
<b>Volda</b>	Ja, Volda
<b>Ørsta</b>	Ja, alle 4 er grøne

<b>Spm. 3</b>	<b>Energiregistreringar</b> Ligg det føre data for energiforbruket i kyrkjene t.d. frå det lokale nettselskapet eller elles?
<b>Aure</b>	Ja, kan hente ut frå Min side
<b>Averøy</b>	Ja
<b>Eide</b>	Nei, vi bruker det ikke
<b>Halsa</b>	-
<b>Kristiansund</b>	Det kan vi hente frå Min side, nettleverandør Neas.
<b>Smøla</b>	Kirkevergen er opptatt av dette, men ikkje menighetene, noe fellesrådet.
<b>Gjemnes</b>	Gjennom Istad kraft kan vi ta ut lister over energiforbruket. Dette bruker vi aktivt for å følgje med energiforbruket.
<b>Rindal</b>	Ja, elektronisk hentet fra Svorka
<b>Stangvik og Surnadal</b>	Ja, elektronisk hentet fra Svorka
<b>Sunddal</b>	Ja, det kan hentes fra nettselskapet. Statistikk legges fram for fellesrådet en gang i året.
<b>Tingvoll</b>	Ja, vi kan hente frå nettselskapet.
<b>Aukra</b>	Istad Kraft har statistikk (for kyrkja og kyrkjelydshuset – 2 målarar)
<b>Fræna</b>	Kommunen/rekneskapskontoret har aktuelle oversiktar.
<b>Midsund</b>	Data ligg på Min Side hos Istad Kraft. Har to kyrkjer, kommunen betaler for straumforbruket. <i>NB! Kommunesammenslåing Midsund – Nesset – Molde frå 01.01.2020.</i>
<b>Molde</b>	Har statistikk
<b>Sandøy</b>	Ja. Kraftleverandør: Sandøy energi. Rekneskapsfører sit i Ålesund. <i>NB! Blir del av nye Ålesund kommune frå 01.01.2020</i>
<b>Nesset</b>	Ref: Nesset Kraft. Statistikk ikkje kjent. Nyleg installert nye straum-målarar.
<b>Rauma</b>	Har statistikk. Evt komme tilbake til detaljering etc.
<b>Vestnes</b>	Nordvestnett: Kyrkjene har heimesider der. Finst omfattande statistikk.
<b>Giske</b>	Har nyleg skifta leverandør frå Tafjord til LOS (kommunal avtale). Mista da litt av historikken.
<b>Haram</b>	Sjekkar fakturaene som kjem inn. Men har ikkje total oversikt.
<b>Sula</b>	Ikkje noko systematisk
<b>Ålesund</b>	Varierende, men kan hente forbruksdata. ÅKF har mange bygg (krematorium, gravkapell, menighetshus).
<b>Storfjorden</b>	Fører eigen statistikk i excel, pr. måned eller kvartal.
<b>Sykkylven</b>	Berre omsnakka. Veit omtrent årsforbruket (350.000 kWh). Same leverandør som kommunen.
<b>Hareid</b>	Sjå vedlagte rapport «energieffektiv og miljøriktig drift» utarbeidd av Ulf Christensen, i høve planar om nytt varmesystem i Hareid kyrkje.
<b>Herøy</b>	Følgjer berre opp faktura. Leverandør: Fjordkraft via Herøy kommune
<b>Sande</b>	Nei. Alle har fått nye straummålarar. Registrerer årsforbruket. Avtale gjennom kommunen: Mørenett + Tussa Kraft
<b>Ulstein</b>	Følgjer berre opp fakturaen. Leverandør: Fjordkraft
<b>Vanylven</b>	Ja. Leverandør: Tussa kraft? Styres leverandør sjølv.
<b>Volda</b>	Nei, har ingen rutinar for registrering. Nye målarar på alle kyrkjene. Leverandør: Fjordkraft via KNIF-avtale. Nett: Mørenett (tidl. Tussa + Tafjord).
<b>Ørsta</b>	Er usikker. Monterte E-flex varmestyring i alle 4 kyrkjene. Resultat: Kaldare kyrkjer. Må få betre styring.

<b>Spm. 4</b>	<b>Status for enøk-arbeidet</b> Er det gjort spesielle vedtak om enøk-arbeidet i fellesrådet (planar, organisering)?
<b>Aure</b>	Ikkje aktivt nå lenger
<b>Averøy</b>	Ja
<b>Eide</b>	Nei
<b>Halsa</b>	-
<b>Kristiansund</b>	Enighet om at det skal jobbes med; holdningsskapende arbeid.
<b>Smøla</b>	Nei
<b>Gjemnes</b>	Ikkje nedfelte planer annet enn at det skal spares generelt. Nytt isolert tak i Gjemneskirka, Flemma kapell er nyrestaurert med bl.a. doble vinduer. Rammetilskudd frå kommunen begrenser også større tiltak. Tilstandsrapporter for begge kirkene er gjennomført for 3 år siden.
<b>Rindal</b>	En del vedtak, men ikke en organiseringsplan. Planer for enøk, kirkebyggstyring
<b>St. og Surnadal</b>	En del vedtak, men ikke en organiseringsplan. Planer for enøk, kirkebyggstyring
<b>Sunndal</b>	Nei
<b>Tingvoll</b>	Nei, bare et generelt fokus på energisparing.
<b>Aukra</b>	Ikkje kjent.
<b>Fræna</b>	Ja. KA har gitt orientering. Har ikkje spesielle behov for planar.
<b>Midsund</b>	Har avtale med lokal installatør om ettersyn/ service på el.utstyr. Har plan/fremma sak om utbetring av vindu på Otrøy kyrkje: Kostbart (>1 Mkr?). Gjeld og utskifting av ytterdører i begge kyrkjene. Har tankar om utskifting av armatur til LED innvendig i kyrkjene.
<b>Molde</b>	Ikkje gjort vedtak
<b>Sandøy</b>	Nei
<b>Neset</b>	Ikkje gjort vedtak. Fått ein del innspel. Diskusjon om overgang til LED. Kyrkjeverjen ansvarleg for feltet.
<b>Rauma</b>	Nei
<b>Vestnes</b>	Ikkje spesielle vedtak/planar.
<b>Giske</b>	Har jobba med det. Har stort sett klart å halde strømutgiftene stabile sjølv om prisen har auka.
<b>Haram</b>	Nei
<b>Sula</b>	Langevåg fekk nytt golv med varmekablar for ca. 10 år sidan. Indre Sula har varmekablar på deler av hovudsalen. Panelomnar langs veggane elles + i andre rom.
<b>Ålesund</b>	Har kome eit stykke på veg. Brukte SD-anlegg frå Hoist i Bergen. Har gått over til EM-systemer levert gjennom Kirkepartner. Geir satt i brukarutvalet.
<b>Storfjorden</b>	Nei, ikkje siste 7 åra. Inngår i årleg vedlikehaldsplan og –budsjettet.
<b>Sykkylven</b>	Var fokus for 4-5 år sidan.
<b>Hareid</b>	Planar om nytt varmesystem i Hareid kyrkje. Saka ligg inne i økonomiplanane frå Hareid sokn - til Hareid kommune. Venter difor berre på løyvingar frå kommunen.
<b>Herøy</b>	Ingen samla planar
<b>Sande</b>	Nei, ingen samla plan
<b>Ulstein</b>	Skal bygge ny kyrkje med plass til 700. Har fått 3 mill. kr. frå Miljødept. for bruk av bærekraftige materialar. Skal bruke fjernvarme og naturleg ventilasjon (ikkje ventilasjonsanlegg). Den gamle kyrkja tek 350 og vil bli brukt til vigslar og gravferd
